

Karen Mjør

Frå partiorgan til nøytral opposisjonsavis?

Ein studie av korleis aviser si politiske orientering påverkar deira dekning av politiske skandalar

Masteroppgåve i Statsvitenskap: Lektorprogrammet i samfunnsfag
Rettleiar: Anders Todal Jensen

Februar 2022

Karen Mjør

Frå partiorgan til nøytral opposisjonsavis?

Ein studie av korleis aviser si politiske orientering
påverkar deira dekning av politiske skandalar

Masteroppgåve i Statsvitskap: Lektorprogrammet i samfunnsfag
Rettleiar: Anders Todal Jenssen
Februar 2022

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap
Institutt for sosiologi og statsvitenskap

Innholdsliste

Tabellar.....	2
Figurar	3
Samandrag.....	4
Abstract	5
Forord.....	6
1. Innleiing.....	7
2. Politiske skandalar.....	9
2.1 Personifiserte skandalar.....	10
2.2 Medierte skandalar	12
2.2.1 Frå partipresse til nøytral observatør?	13
2.2.2 Flokkdyr-mentalitet i media.....	17
3 Metode.....	19
3.1 Komparativ metode	19
3.2 Utval av medium	23
3.3 Om innhaldsanalyse.....	25
3.3.1 Utvalskriterier	25
3.3.2 Om koding	27
3.4 Reliabilitet og validitet	28
4 Komparativ analyse.....	30
4.1 Gjennomgang av politiske skandalar.....	31
4.2 Avisene si samla dekning av dei fem sakene	37
4.2.1 Aftenposten.....	37
4.2.2 Dagsavisen.....	41
4.2.3 Dagens Næringsliv.....	45
4.2.4 Verdens Gang	48
4.2.5 Vårt Land	51
5 Påverkar politisk orientering dekninga av politiske skandalar?.....	56
5.1 På kva måte påverkar den politiske orienteringa dekinga?	58
6 Oppsummering og vidare forskning.....	60
Kjelder.....	62
Vedlegg 1: Kodeskjema kvantitativ innhaldsanalyse.....	65
Vedlegg 2: Tabell med oversikt over Keshvari-saka.	67

Tabellar

Tabell	Tittel	Sidetal
Tabell 1	Oversikt over skandalar i utvalet, kronologisk rekkefølge.	20
Tabell 2	Aviser i utvalet, alfabetisk rekkefølge.	23
Tabell 3	Tidlegare og noverande politisk orientering til avisene i utvalet.	24
Tabell 4	Oversikt over tema som har gjort at leiarar og kommentarar er tatt med i utvalet.	26
Tabell 5	Oversikt over uvekta og vekta tal meiningsberande artiklar om skandalane i avisene.	30
Tabell 6	Giske-saka. Prosentfordeling «tone» i omtale av Trond Giske og Arbeiderpartiet i meiningsberande tekstar som omhandlar saka, fordelt på media i utvalet. Prosentfordeling rekna utifrå N vekta.	32
Tabell 7	Tonning Riise-saka. Prosentfordeling «tone» i omtale av Kristian Tonning Riise og Høgre i meiningsberande tekstar som omhandlar saka, fordelt på media i utvalet. Prosentfordeling rekna utifrå N vekta.	33
Tabell 8	Ropstad-saka. Prosentfordeling «tone» i omtale av Kjell Ingolf Ropstad og administrasjonen til Stortinget/SMK, fordelt på media i utvalet. Prosentfordeling rekna utifrå N vekta.	35
Tabell 9	Hansen-saka. Prosentfordeling «tone» i omtale av Eva Kristin Hansen, Arbeiderpartiet og administrasjonen til Stortinget i meiningsberande tekstar som omhandlar saka, fordelt på media i utvalet. Prosentfordeling rekna utifrå N vekta.	36

Figurar

Figur	Tittel	Sidetal
Figur 1	Graf over skandaliseringsterskelen.	12
Figur 2	Aftenposten si dekning av dei skandaliserte politikarane i meiningsberande tekstar, prosentfordeling av «tone» i omtalen.	38
Figur 3	Aftenposten si dekning av parti i meiningsberande tekstar, prosentfordeling av «tone» i omtalen.	38
Figur 4	Aftenposten si dekning av administrasjonen til Stortinget/SMK i meiningsberande tekstar, fordeling av «tone» i omtalen.	40
Figur 5	Dagsavisen si dekning av dei skandaliserte politikarane i meiningsberande tekstar, prosentfordeling av «tone» i omtalen.	41
Figur 6	Dagsavisen si dekning av parti i meiningsberande tekstar, prosentfordeling av «tone» i omtalen.	42
Figur 7	Dagsavisen si dekning av administrasjonen til Stortinget/SMK i meiningsberande tekstar, prosentfordeling av «tone» i omtalen.	44
Figur 8	Dagens Næringsliv si dekning av dei skandaliserte politikarane i meiningsberande tekstar, prosentfordeling av «tone» i omtalen.	45
Figur 9	Dagens Næringsliv si dekning av parti i meiningsberande tekstar, prosentfordeling av «tone» i omtalen.	46
Figur 10	Dagens Næringsliv si dekning av administrasjonen til Stortinget/SMK i meiningsberande tekstar, prosentfordeling av «tone» i omtalen.	47
Figur 11	VG si dekning av dei skandaliserte politikarane i meiningsberande tekstar, prosentfordeling av «tone» i omtalen.	49
Figur 12	VG si dekning av parti i meiningsberande tekstar, prosentfordeling av «tone» i omtalen.	50
Figur 13	VG si dekning av administrasjonen til Stortinget/ SMK i meiningsberande tekstar, prosentfordeling av «tone» i omtalen.	51
Figur 14	Vårt Land si dekning av dei skandaliserte politikarane i meiningsberande tekstar, prosentfordeling av «tone» i omtalen.	52
Figur 15	Vårt Land si dekning av parti i meiningsberande tekstar, prosentfordeling av «tone» i omtalen.	54

Samandrag

Denne oppgåva søker å svara på kor vidt aviser si partihistorie og noverande politiske orientering påverkar måten dei dekker politiske skandalar i sitt meiningsberande innhald. Komparativ innhaldsanalyse er nytta til å samanlikna korleis eit utval norske aviser dekker nylege politiske skandalar, med politikarar frå ulike parti.

Studien viser at det er samanheng mellom politisk orientering og dekninga av utvalet av politiske skandalar. Dette på trass av at alle avisene i utvalet fremjar seg som partipolitisk uavhengige.

Politisk orientering fargar det meiningsberande innhaldet ved at dei på ulikt vis anten fjernar skuld frå partia dei sympatiserer med, eller ved at dei tilfører skuld til parti på den andre enden av skalaen. Dette vert gjort gjennom verkemiddel som «framing», trivialisering, nøytralisering og unnskyldningar.

Abstract

This paper seeks to answer whether a selection of newspapers' political history and current stated or implicit political orientation has a noticeable effect on their covering of political scandals in their editorial content. The study is a comparative content analysis which covers a selection of Norwegian newspapers and their covering of recent political scandals involving politicians from a broad spectrum of political parties.

The study shows that there is a measurable political bias in the way most of the newspapers cover the selection of political scandals. All the selected newspapers claim to be independent from any political party.

Political orientation colors the editorial content regarding political scandals by either diminishing blame on the political parties they lean towards, or by increasing blame on parties on the other side of the aisle. This is done through framing, trivializing, neutralization or by making excuses on behalf of a group or a party.

Forord

Oppgåva du no skal lesa markerer at mi fantastiske studietid går mot sin slutt. Eg er evig takksam over alt dei siste seks åra har gitt meg. Når eg no leverer master er det difor med blanda kjensler. Eg er utruleg glad for alt eg har fått oppleve, samstundes som eg kjenner på eit vemod over at studietida straks er over.

Å skriva master har vore spanande, men tidvis også krevjande. Det er fleire som fortener ein takk for at den no er levert. Fyrst og fremst vil eg takka min rettleiar, Anders Todal Jenssen, for alle gode råd og diskusjonar. Det har vore veldig givande å jobba med deg.

Vidare vil eg retta ein stor takk til min trufaste ekstra-rettleiar, pappa. Tusen takk for all støtte og gode diskusjonar om både master, bachelor og alt i mellom. Ditt kritiske blikk for grammatikk og oppgåvestruktur har hjelpt meg mang ein gong.

Ein stor takk skal også rettast til årsaka til at eg valde nettopp Trondheim som min studieby: Studentersamfundet i Trondhjem. Samfundet har vore sjølv hjartet i studietida mi. Organisasjonen og menneska eg har møtt i det runde raude huset har gitt meg ei betre studietid enn eg trudde var mogleg.

1. Innleiing

Media vert ofte referert til som den fjerde statsmakt (Allern, 1996, s. 2). Rolla deira i demokratiet er å vera ein kritisk og kontrollerande instans på folket sine vegner, og dei vert gjerne omtala som ei vaktbikkje (Allern, 2001, s. 13). Dei har tiltatt seg både rett og plikt til å kritisera dei ordinære statsmaktene, derav lovgivarane, domstolane og regjeringa. Dette gir media stor makt. Dei set dagsorden, vinklar saker og formar vår oppfatning av den aktuelle hendinga. Difor er det viktig å studera korleis dei utøver sitt ansvar, og korleis dei prioriterer.

Politiske skandalar og dekninga av desse, er noko media tidvis har hausta kritikk for. Mellom anna er fleire aviser kritiserte for einsidige framstillingar, og at dei opptrer som flokkdyr i skandaliseringsprosessen (Fladmoe & Jenssen, 2009; Raaum, 1999). For å sjå om det er grunnlag i desse anklagane vil denne oppgåva studera fem norske aviser si dekning av fem politiske skandalar, med formål om å sjå på likskapar og ulikskapar i dekninga, og drøfta årsakene til forskjellane mellom avisene.

Politiske skandalar påverkar tilliten til demokratiet. Fleire studie syner samanheng mellom politiske skandalar og synkande tillit til politikarar, politiske institusjonar og parti (Bowler & Karp, 2004; Chanley et al., 2000; Funk, 1996). Ein har også funne ein samanheng mellom skandalar og vurderingar av kor godt demokratiet fungerer (Huseby, 2000).

Mediebransjen refererer ofte til seg sjølv som nøytrale opposisjonsmedier (Stanghelle, 2008). Ei slik rolle vil tyda at ein er like kritiske til alle som vert skandalisert. Samstundes har mange av våre største aviser tidlegare hatt eksplisitte band til politiske parti, og har i dag ein politisk ståstad som kan syna til at dei framleis lar seg påverka av politisk orientering i måten dei skriv på. Dette har eg studert i denne oppgåva, for å svara på problemstillinga:

Påverkar avisene sin noverande og tidlegare politiske orientering måten dei skriv om politiske skandalar på leiar- og kommentarplass?

Som problemstillinga tilseier vil det meiningsberande innhaldet til avisene vera det eg granskar i denne oppgåva, det vil sei leiarar og kommentarar. Dette fordi det er her ein mest eksplisitt får fram korleis ei avis fargar sin omtale av dei aktuelle skandalane.

Oppgåva er bygd opp ved at eg fyrst, i teorikapittelet, definerer kva eg legg i omgrepet politiske skandalar. Deretter går eg gjennom aktuell forskning på både skandalar og politisk orientering i aviser. Eg gjer så greie for val av teoretisk perspektiv, utval, avgensingar, og metodiske vurderingar og utfordringar. Dette leiar meg vidare til presentasjon av funna frå analysa, som vidare vil bli drøfta opp mot teorien. Avslutningsvis vil eg ha ei oppsummering der eg legg fram min endelege konklusjon på problemstillinga.

2. Politiske skandalar

Ordet skandale er nær dagleg å finna i norske media. Nynorskordboka definerer ein skandale som ei «handling, hending, åtferd som vekker harme eller pinleg oppsikt» (Språkrådet, 2021). Politiske skandalar er eit meir komplekst fenomen enn som så. John Thompson (2002), kjend som forskaren som la sjølve grunnsteinen for den vidare forskinga på politiske skandalar, definerer omgrepet slik:

«Som arbeidsdefinition kan vi si at «skandale» henviser til handlinger og begivenheder der innebærer særlige former for overtrædelser som andre bliver bekendt med og som er tilstrækkeligt alvorlige til at fremkalde en offentlig reaktion» (Thompson, 2002, s. 22).

Definisjonen gir eit godt utgangspunkt, men framleis er den så vid at det kan vera vanskeleg å nytta den til å definera om ei hending er ein politisk skandale eller ikkje. For å gjera definisjonen meir presis presenterer Thompson (2002) fem aspekt som må vera til stades for at noko skal kunne definerast som ein politisk skandale. Desse er: 1) det representerer ei form for overtramp over gjeldande verdiar og normer, 2) den inneberer element av hemmelegald, men andre enn dei direkte involverte har innsyn i hendinga, 3) nokon utanforståande avviser handlingane og kjenner seg krenka, 4) nokon utanforståande uttrykker si negative oppfatning av haldningane utad, og 5) avsløringa og fordøminga av handlingane kan øydeleggja omdømet til menneska som var ansvarleg for det (Thompson, 2002, s. 26).

Me kan alle verta skandaliserte. Sjølv om me i utgangspunktet er like for lova, er det likevel nokon som har større sjanse for å bli skandalisert enn andre (Thompson, 2002, s. 27). Dette er som regel menneske som er meir synlege enn andre grunna deira status, verksemder eller ansvar. Politikarar er serleg utsette. Dei har fått sin tillit frå folket og det er forventa at dei skal representera visse verdiar. Når deira handlingar er i strid med deira uttalte ideal og moral, kan det vekka sterke reaksjonar.

Forskjellen på ein skandale hos ein privatperson og ein profilert politikar, ligg fyrst og fremst i merksemda saka får. Skandalar rundt kjende politikarar får stor merksemd, og dei er kjenneteikna av intens spenning og stor uvisse (Nord, 2001, s. 18).

Politikarar har vorte skandaliserte på ulike vis opp gjennom åra. Alle skandalar er særeigne, men nokre trekk går igjen, då spesielt kva normer og verdiar dei utfordrar. Thompson (2002) vel å dela politiske skandalar inn i tre hovudformer: sexskandalar, økonomiske skandalar og maktskandala. I denne oppgåva er det dei to fyrstnemnde som vert studert. Det er ingen maktskandalar med i utvalet, då desse er sjeldnare og det har vore få maktskandalar i Noreg dei siste åra.

Det framste kjenneteiknet på ein sexskandale er at den representerer brot på gjeldande normer eller moralsk kontekst (Thompson, 2002, s. 129). Det treng ikkje innebera eit lovbro, men nokon må oppfatta det som har skjedd som upassande eller uanstendig.

Ved økonomiske skandalar er det oftare snakk om forhold som kan straffefølgjast (Thompson, 2002, s. 167). Skandalane byggjer her på påstandar om eller faktisk pengemisbruk eller andre økonomiske avvik, og syner ofte fram skjulte forbindelsar mellom politisk og økonomisk makt, som vert oppfatta som upassande. Ein av dei fire typane Thompson (2002) trekk fram går på bruk av offentlege midlar til eiga nytte. Det er denne varianten av økonomiske skandalar eg vil sjå nærare på i denne oppgåva.

2.1 Personifiserte skandalar

Politikarar lever med stadig større grad av publisitet, og er heilt avhengige av sitt gode namn og rykte (Allern & Pollack, 2009, s. 27) Stadig fleire oppnår ein form for kjendisstatus, og kan nytta denne statusen til å nå ut til fleire og for å oppnå politisk påverknad (Kepplinger, 2003; Midtbø, 2007, s. 19; Shea, 1999, s. 49). Når politikarane også er kjendisar, vil skandalane rundt dei som regel få meir merksemd i media.

Tema for denne oppgåva er skandalar rundt enkeltpolitikarar. For å tydeleggjera det legg eg til grunn Midtbø (2007) sitt skilje mellom politikkskandalar og politikarskandalar. Ein politikkskandale vert definert som saker der politikarane vert tillagt ansvar for offentlig politikk som har slått feil (Midtbø, 2007, s. 18). Dei treng ikkje å vera direkte involvert i saka, men dei står i kraft av si stilling igjen med ansvaret når det går galt. På den andre sida har ein politikarskandalar, som Midtbø definerer slik:

«Dette er skandaler som utløses av personlige feil der konkrete overtramp kan knyttes direkte til konkrete politikere. Det er snakk om overtramp som primært er begått utenfor politikken, og som retter oppmerksomheten mot mennesket vel så mye som politikeren bak overtrampet» (Midtbø, 2007, s. 18-19).


Felles for dei fem skandalane som utgjer utvalet i denne oppgåva, er at dei er av privat karakter, og dei passar soleis under denne avgrensinga.

Forsking syner at skandalar av privat karakter i all hovudsak rammar enkeltpersonen, og ikkje har noko serleg påverknad på partiet politikaren representerer (Todal, 2014). Veljarane får ikkje mindre tillit til partiet, og ein har heller ingen forsking som tilseier at ein vel å ikkje stemma på eit parti fordi ein representant for partiet er utsett for ein politikarskandale. Det er likevel av interesse å studera slike skandalar, då dei generelt påverkar tilliten til det politiske systemet, og kan føra til det som populært ofte er omtala som politikarforakt. Fleire studiar syner at skandalar som dette påverkar tilliten folk har til politikarar (Bowler & Karp, 2004; Chanley et al., 2000; Funk, 1996). Tillit er sjølv bærebjelken i eitkvart demokrati, og når ein ser kva effekt desse skandalane har på tillit, viser det viktigheita av å studera korleis skandalane artar seg.

Konsekvensen av slike skandalar er likevel størst for den skandaliserte politikaren. Våre folkevalde skal både nominerast og renominerast, og til det trengst truverde og autoritet. I somme tilfelle kan ein skandale vera slutten på ei politisk karriere, medan det i andre tilfelle har lita påverknad og dei får i stor grad halde på som før. Midtbø (2007, s. 158-159) har synt at ein konsekvens av skandalar knytt til ikkje-politiske problemstillingar, er at me risikerer å skandalisera og til dels grad mista dyktige politikarar grunna private forhold. Slik vil også konsekvensane for enkeltpersonen få konsekvensar for samfunnet. Det kan gi rekrutteringsproblem om unge unngår å gå inn i politikken grunna det store personfokuset.

Kva konsekvensar og kor mykje merksemd ein skandale får, heng tett saman med kor profilert den aktuelle politikaren er. Forsking syner at desto meir kjend du er, desto større vert medietrykket (Narud et al., 2004). Ei undersøking av framsidene til VG synte at topp-politikarar i seg sjølv kan bidra til hyppigare og større skandalar ved at statsrådar og partileiarar genererte langt meir merksemd enn mindre kjende politikarar. Slik vil faren for å bli skada av ein politisk skandale også verta gradvis større, jo meir kjend du er. Dette syner modellen frå Fladmoe (2008):

Figur 1: Graf over skandaliseringsterskelen.



(Fladmoe, 2008, s. 82)

Figuren viser korleis dei mest profilerte aktørane har større risiko for å bli skandaliserte, og at dei med det har mindre handlingsrom enn det mindre kjende politikarar har (Fladmoe, 2008, s. 82). Den vertikale lina syner kor alvorleg saka er, medan den horisontale lina syner kor kjend den skandaliserte treng vera for at det skal bli ei sak. Modellen vil bli nytta i analysa.

2.2 Medierte skandalar

Media er i dag vår fremste informasjonskjelde for kva som skjer i samfunnet (Edwardsen et al., 1994, s. 28). Med dette vert også politiske skandalar uløyselig knytt til nyheitsmedia (Allern og Pallock, 2009: 9, Thompson, 2000: 43). Inga sak har berre ei side, og difor er det alltid redaksjonelt skjønn som ligg bak korleis ein skandale vert presentert og vinkla overfor lesarane. Mange journalistar har ei oppfatning av at deira arbeid speglar røynda, men det er ei oppfatning med store modifikasjonar (Edwardsen et al., 1994, s. 30-32). Nettopp difor er det så sentralt å studera korleis dei frontar politiske skandalar i sine spalter.

Media har alltid spelerom for korleis dei framstiller ein skandale (Allern & Pollack, 2009, s. 18; Hammerstad, 2020, s. 42). Dette gjev også media makt til å påverka korleis lesarane skal oppleve og forstå skandalen. Denne makta ligg mellom anna i å velja vinkling og kjelder, bestemma om saka hamnar på framsida, velja bilete og avgjera kor mykje plass skandalen får i papiravisa og på nett. Media har tidvis fått kritikk for måten dei har dekkja politiske skandalar på, og er mellom anna skulda for å vera ein moderne gapestokk, der dei opptrer som flokkdyr og driv drevjakt mot den skandaliserte (Todal, 2014, s. 2). Dette kjem eg tilbake til.

Både media og politikken er i stadig endring, og nokon vil hevda at dei siste åra har ført med seg ei medialisering av politikken (Asp, 1986). Dette vil sei at samstundes som media har vorte ein viktigare arena for politisk debatt, har dei også sjølv blitt ein meir sentral aktør i og premissleverandør for den same debatten. Kampen om merksemd medfører eit stadig tøffare klima mellom politikarar og journalistar, og skandalane er fleire enn før. Nyheitsmedia representerer slik ei form for offentleg marknadsplass, der skandalar vert tilbodne og utvikla som ei form for drama framfor eit indignert og skodespellystent publikum (Allern og Pallock, 2009: 9).

Avisene er tydelege meiningsberande institusjonar. Journalistar tolkar i stadig større grad skandalar og andre hendingar, og i varierende grad er dei også regissørar (Allern & Pollack, 2009, s. 9; Hammerstad, 2020, s. 42). Både på leiar- og kommentatorplass, har media sine tydelege meininger om skandalane, oftast med klare meldingar til dei politiske partia om korleis dei skal handtera skandalen. Dette er eit tydeleg brot med rolla som nyheitsjeger og observatørar, som media ofte sjølve vil leggja vekt på (Allern & Pollack, 2009, s. 19). Når dette i dag vert kombinert med at journalistane vert sett på som nokre av våre fremste politiske ekspertar og kommentatorar, har media si definisjonsmakt i politiske skandalar vorte enda større enn den var tidlegare.

Måten me brukar media på er også i stadig endring. Dei siste åra har sosiale media fått stadig større plass i kvardagen vår, og for stadig fleire av oss blitt den viktigaste informasjonskjelda til kva som skjer rundt oss i samfunnet (Aalen, 2015, s. 152-153). Også politiske skandalar vert ivrig diskutert på desse flatene. Kritikken sit ofte laust, og det er ingen ansvarleg redaktør som ser til at presseetikken vert ivareteken. Fleire meiner at sosiale medium er blitt den nye gapestokken, medan dei tradisjonelle mediene har tapt mykje av si makt (Munthe, 2016; Ronson, 2016; Aalen, 2015). Sjølv om sosiale medium spelar ei stadig viktigare rolle, ligg det framleis mykje makt hos dei tradisjonelle mediene til å påverka dagsorden. Difor vil eg i denne oppgåva retta eit kritisk blick mot dei tradisjonelle media sin praksis.

2.2.1 Frå partipresse til nøytral observatør?

Eg vil studera korleis avisene si politiske orientering påverkar deira meiningsberande innhald om politiske skandalar. For å studera dette vil eg gje eit tilbakeblikk på nettopp korleis media har definert seg politisk gjennom tidene, og ikkje minst kva situasjonen er i dag.

Det har vore eit tydeleg skifte i avisene si politiske orientering dei siste tiåra. Om ein ser tilbake til 1965, var heile 73% av alle aviser knytt til politiske parti, og den politiske journalistikken sitt uttrykte formål var å bidra til å styrka den politiske retninga avisa sjølv stod for (Allern, 2001, s. 12). I dag er det mest ingen aviser som definerer seg som eit organ for eit politisk parti, og den gjeldande norma er å vera partipolitisk uavhengig (Bjerke, 2001, s. 9). Dette ser me tydeleg i eit sitat frå tidlegare politisk redaktør i Aftenposten, Harald Stanghelle, i etterkant av ein politisk skandale:

«I Norge holder vi oss for tiden utelukkende med opposisjonsaviser – likegyldig hvem som styrer. Den kritiske journalistikken er den rådende medieideologi, og oftest er det en sunn tilnærming til viktig journalistikk» (Stanghelle, 2008).

Kor vidt det verkeleg stemmer at alle norske aviser er opposisjonsaviser og omtalar alle saker like kritisk, er ikkje like opplagt for alle. Fleire forskarar argumenterer for at pressa ikkje er fullt så fri og uavhengig som det Stanghelle gjev uttrykk for (Bjerke, 2001; Halse, 2006).

Bjerke (2001) er ein av forskarane som har kome til at partipolitiske sympatiar framleis spelar ei viktig rolle i korleis norske aviser skriv om og dekkjer politikk. Dette fann han då han studerte korleis aviser dekkja regjeringsskiftet i 2000, då han konkluderte med at partihistoria framleis har ein klar og tydeleg effekt på den partipolitiske profilen avisene har den dag i dag (Bjerke, 2001, s. 6).

Dette har også vorte studert i samanheng med politiske skandalar, den gong i masteroppgåva til Fladmoe (2008). Hans studie slo fast at funna til Bjerke (2001) har forklaringskraft for dei politiske skandalane som vart studert, då han også såg at det var skilnad mellom korleis avisene dekkja skandalar frå ulike parti (Fladmoe, 2008, s. 88).

I denne oppgåva er det fleire omgrep som vert nytta for å skildra den politiske ståstaden til avisene. Eg legg Bjerke (2001, s. 11-12) sine definisjonar til grunn for oppgåva:

- *Partiorgan* - ei avis som ope seier at det er eit organ for eit bestemd parti. Vanlegvis (var) dette fastlagt i vedtektene til avisene og offentleggjort dagleg i spaltene deira. I dag har me knapt nok nokon igjen av desse.

- *Partitilknyting* – dette er eit vidare omgrep. Her finn ein også aviser som ikkje formelt er eit organ for eit parti, men som likevel har tydelege partipolitiske sympatiar.
- *Partihistorie* – eit praktisk omgrep for å skildra kva tilknyting eit parti har hatt tidlegare.
- *Politisk profil* - avisa sine manifeste og latente synspunkt til sentrale spørsmål i den politiske debatten.

Både dei direkte og indirekte banda mellom parti og avis er av interesse i denne studien. Omgrepet «politisk parallellisme» skildrar grad og kjenneteikn på banda mellom media og politiske parti (Hallin & Mancini, 2004, s. 21). Hallin og Mancini trekk fram at sjølv om dei formelle mellom til parti og avis i stor grad er oppheva, så påverkar framleis dei tidlegare banda korleis avisene vinklar stoffet. Dette heng saman med at avis og parti ofte vender seg til same gruppe lesarar/veljarar. Ein vidarefører vinklinga av stoffet, og fremjar dei same verdiane og grunnsynet som før. Eg legg til grunn følgjande hypotese for det vidare studiet i denne oppgåva:

Dekninga av politiske skandalar følger eit partipolitisk mønster: avisene er meir kritiske til politikarar som står langt frå avisa politisk.

2.2.1.1 Korleis studera politisk orientering i aviser

Eg spør i denne oppgåva om kor vidt avisene si noverande og tidlegare politiske orientering påverkar måten dei skriv om politiske skandalar på leiar- og kommentarplass. For å kunne studera dette vil eg no presentera kva verkemiddel eg skal sjå etter i datamaterialet for å svara på problemstillinga.

Måten media framstiller ei sak på, har stor tyding for korleis lesarane oppfattar den (Iyengar, 1991, s. 2). Små endringar og nyansar i måten å ramma inn saka på kan endra lesaren sitt inntrykk og forståing av saka. Ikkje minst vil det påverka kven ein oppfattar at er skuld i skandalen og med det kven som har ansvar for at det får konsekvensar og at det ikkje skjer igjen. Dette heng tett saman med konseptet «framing» (Iyengar, 1991).

«Framing» – eller innramming - hjelper oss å studera korleis media rammar inn saker på. Iyengar (1991) skil mellom to hovudformer: tematiske- og episodiske rammer. Dei tematiske rammene vil setja ein politisk skandale inn i ein generell politisk kontekst, og reisa spørsmål

om ansvar og kvifor ingen har tatt grep tidlegare. For sakene i dette utvalet ville det typisk innebera å stilla partiet eller administrasjonen til Stortinget/Statsministerens kontor (SMK) til ansvar. Saka vert med det løfta frå ei hending hos ein enkeltpolitkar, til ein større politisk kontekst.

Om ei avis ynskjer å ramma eitt parti kan dei konsekvent velja ei tematisk innramming av skandala. Med det vil dei hekta partiet på den skandaliserte. Slik kan dei også leggja meir av skulda og den negative merksemda over på partiet og gi saka ein meir politisk brodd.

Media kan på den andre sida velja ei episodisk ramme som avpolitiserer saka (Iyengar, 1991). Fokuset vil då vera på den spesifikke skandalen og skildringar av denne, utan at ein plasserer ansvar utover det. Ei slik framstilling vil individualisera saka, og flytta alt ansvar over på den skandaliserte. Denne forma for «framing» vil klart vera meir gunstig for partiet.

Skulle avisa ynskja å skåna eit parti frå skandalisering, kan dei med det velja ei episodisk innramming av skandalen. Slik skil dei den skandaliserte frå parti. Den skandaliserte kan med det framstillast som eit råte eple, som partiet ikkje kan ta ansvar for.

Ein anna måte å «frama» ei sak på til partiet sin fordel, er å leggja skulda over på andre aktørar. Det kan til dømes vera at ein kritiserer korleis administrasjonen til Stortinget/SMK handterer saka, medan partiet si rolle ikkje vert nemnd.

Ei avis kan også forsøka å trivialisera ein skandale, for å beskytta både den skandaliserte og det aktuelle partiet. Pollack og Allern (2009, s. 197) har fremja ei «trivialiseringshypotese» som inneber at politikarskandalar ofte har utgangspunkt i små moralske overtramp. Om ei avis vil beskytta eit parti eller ein politkar, kan dei unnskylda handlingane som er gjort, ved å peika på at det berre er trivialitetar som er blåst opp av andre media. Avisa kan også trekka fram alt det gode den skandaliserte har gjort tidlegare, og unnskylda med noko slikt som at «alle gjer feil» og at «ein må sjå at politikarar også berre er menneske».

Ein siste strategi er å dekkja skandalen i nøytrale former. Sjølv om leiarar og kommentarar er det meiningsberande innhaldet til avisa, er det ikkje alltid dei faktisk tar stilling til sakene dei omtalar. Ei nøytral framstilling eller ei minimal dekning kan vera eit meir stille forsvar for parti og den skandaliserte, og er noko eg også vil sjå etter i analysa.

2.2.2 Flokkdyr-mentalitet i media

Som tidlegare nemnd, har media ofte hausta kritikk for dekninga av politiske skandalar. Spesielt har dei vorte skulda for å jakta i flokk (Allern & Pollack, 2009). Dette er relevant. Dersom det stemmer at avisene driv med ei samla drevjakt, er det eit tydeleg motargument mot at dekninga deira er farga av politisk orientering.

Omgrepet drevjakt vert nytta for å karakterisera den intense jakta journalistar set i gang etter politikaren som vert skandalisert, og for å vera fyrst ute med nye vriar som kan spinna skandalen vidare og slik skaffa fleire oppslag (Raaum, 1999, s. 94-96). Dette vert samanlikna med måten hundar jaktar etter viltet inn mot ei felle. Journalistar på tvers av redaksjonar heng seg på for å vera den som får det neste scoopet, og bidreg slik til neste trinn i skandaliseringsprosessen. Dei opptrer som flokkdyr (Fladmoe & Jenssen, 2009).

Flokkdyr-tesa viskar ut skiljet mellom dei ulike redaksjonane, då alle har det same målet og den same vinklinga av saka. Media får ofte kritikk ved tendensar av slik dekning, men motsvaret frå journalistar er ofte at dette er utanfor den enkelte journalist sin kontroll. Alle redaksjonar, og med det ingen enkeltredaktør, står til ansvar for utfallet av saka og medietrykket det fører på politikaren som er skandalisert.

Media fekk krass kritikk for dekninga av skandalen rundt tidlegare LO-leiar Gerd Liv Valla, der det vart hevda at saka vart einsidig dekka (Allern & Pollack, 2009). Dei vart kritisert for å ha handla som flokkdyr i skandaliseringsprosessen. Seinare har Fladmoe (2008) synt at media hadde ei ulik vinkling på sakene om Valla, og at det difor ikkje var snakk om ei rein drevjakt. Eg vil studera om funna kan overførast til denne oppgåva.

Fladmoe og Jenssen (2009) presenterer argument for og imot at media har flokkdyråtferd, og med det fleire argument som konkurrerer med partiorgan-argumenta eg har presentert. Av argumenta for at det finn stad trekker dei mellom anna fram profesjonsargumentet om at journalistar gjennom sin gruppeidentitet og gruppeloyalitet, ser dei same sakene som viktige på tvers av redaksjonar (Fladmoe & Jenssen, 2009, s. 6-7). Vidare fremjar dei nyheitsverdiargumentet som sentralt, at journalistar generelt er ute etter det nye scoopet som alle snakkar om. Til slutt drøftar dei rasjonaliseringsargumentet: media har eit stort press på å levera fort, og grunna knappe ressursar blir det ofte gjenbruk av stoff frå andre redaksjonar.

Samla sett gir denne argumentsrekka bakgrunn for ei mothypotese til den som er presentert om påverknad av politisk orientering. Den blir presentert på slutten av delkapittelet.

Det finnes også argument mot flokkdyr-tesa. Eitt av dei går direkte inn i kjernen av denne oppgåva. Det er kalla historieargumentet og baserer seg på kva bakgrunn avisene har og korleis det kan påverka deira synspunkt på ulike saker (Fladmoe & Jenssen, 2009, s. 9-10). Det andre er nettverksargumentet, der dei syner korleis nettverket rundt dei enkelte redaksjonane og journalistane kan variera, og føra med seg ulikt informasjonsgrunnlag samt ulik vekting av kva saker som vert sett som viktige.

Studiet til Fladmoe og Jenssen (2009) fann ikkje flokkdyr-mentalitet i dekninga av dei skandalane studerte, i den forstand at alle aviser var like kritiske på tvers av ståstaden til politikarane. Likevel vil det vera relevant at denne oppgåva studerer kor vidt det er flokkdyr-mentalitet i dette utvalet, og med det om funna til Fladmoe og Jenssen (2009) også kan overførast til nyare skandalar. Eg vil også analysere det empiriske grunnlaget for å etterprøva denne hypotesa:

Kommenteringa av skandalane har ein tendens til å vera einsformig, kommentatorane opptrer som flokkdyr.

3 Metode

I dette kapitlet vil eg gå gjennom val av metode og det empiriske materialet som oppgåva byggjer på. Studien er ein komparativ casestudie basert på innhaldsanalyse. Den er induktiv ved at den konkluderer og/eller generaliserer på grunnlag av enkelttilfelle.

Studiet kombinerer kvalitative og kvantitative metodar. Dei to metodane har lenge vore sett på som motsetningar innanfor samfunnsforskinga (Krippendorff, 2004, s. 19-20; Tjora, 2021, s. 35-36). Nyare forskning anerkjenner likevel at dette skillet ikkje er så skarpt som tidlegare tenkt. Heller kan dei to metodane utfylla kvarandre, ved at dei rettar merksemd mot forskjellige aspekt ved det same fenomenet.

Det er gjennomført ei grov kvantitativ analyse for å skaffa ei talbasert oversikt over utvalet. Ved hjelp av denne analysa venta eg å finna overordna tendensar for korleis avisene har vinkla sitt meiningsberande innhald om skandalane. Samstundes er studiet kvalitativt ved at det er gjennomført eit tekststudie. Her er det gjort eit utval frå artikkane, der den kvantitative kodinga har gitt grunnlaget for valet av utdrag.

Den kvantitative forskinga gir ei god oversikt med nyttige tabellar og figurar for vidare diskusjon. Eg meiner likevel ikkje at det er tilstrekkeleg for å svara ut problemstillinga. Ved å supplera med det kvalitative fekk eg i større grad sjå korleis kommentarane kommuniserer samanhengar og argument som ikkje kjem tydeleg nok fram i ei kvantitativ analyse. Den lar meg sjå korleis avisene «framar» forteljinga («framing») om skandalen til dømes ved bruk av metaforar, ironi, subtile måtar å kopla politikar og parti og kopla politikaren til stereotype førestillingar om partiet (Krippendorff, 2004, s. 16-17). Samla gir dei to metodeformene meg eit godt innblikk i det meiningsberande innhaldet om dei politiske skandalane (Tjora, 2021, s. 35-36).

3.1 Komparativ metode

Komparativ metode inneber å samanlikna for å finna likskapar og/eller ulikskapar mellom fenomen (Clasen et al., 2016, s. 34). Eg samanliknar både skandalar og medium. Det er fem norske politiske skandalar som vil bli samanlikna i denne oppgåva, sjå tabell 1.

Tabell 1: Oversikt over skandalar i utvalet, kronologisk rekkefølge.

Case	Parti	Bakgrunn for skandalisering
Trond Giske	Arbeiderpartiet	Sexskandale
Kristian Tonning Riise	Høgre/Unge Høgre	Sexskandale
Mazyar Keshvari	Framstegspartiet	Økonomisk skandale
Kjell Ingolf Ropstad	Kristeleg Folkeparti (KrF)	Økonomisk skandale
Eva Kristin Hansen	Arbeiderpartiet	Økonomisk skandale

Desse sakene oppfyller alle krava i Thompson (2002) sin definisjon av politisk skandale. Dei representerer på kvar sin måte overtramp på gjeldande verdiar og normer, og alle vart helde hemmelege fram til dei vart avslørt i media. Dei har og til felles dei vart drivne fram av reaksjonar på handlingane, med tydeleg offentleg fordømming av det som var gjort. Samla sett gjorde reaksjonane at omdømet til den skandaliserte vart svekka, ved at alle mista sine politiske posisjonar som konsekvens av skandalen. Med det kryssar dei av på alle kjenneteikna ved ein skandale som Thompson (2002) trekk fram.

Trond Giske

I 2017 raste #metoo-debatten i Noreg. Det kom då fram at Arbeiderpartiet hadde mottatt fleire varsel om seksuell trakassering og anna ubehageleg oppførsel frå dåverande nestleiar i partiet, Trond Giske (Aaser & Grøttum, 2018). Saka eskalerte raskt frå slutten av desember 2017, og Giske trakk seg midlertidig frå vervet som nestleiar 1. januar 2018. Berre seks dagar seinare måtte han trekka seg endeleg frå vervet, samstundes som han måtte stilla sin plass som finanspolitisk talsperson for Arbeiderpartiet på Stortinget til disposisjon.

Giske-saka har kome opp att fleire gonger, i samband med at Giske har stilt (eller blitt lansert) som kandidat til tillitsverv i Arbeiderpartiet. For å best kunne samanlikna saka med dei andre har eg berre vald ut det materialet som inngår i sjølve skandaliseringsprosessen, slik eg også har gjort i dei andre skandalane. Startpunktet for analysa er satt til 7. desember 2017, då Dagens Næringsliv fyrst omtalte saka. Sluttpunktet for analysa er satt til 13. februar 2018. Dette er tre dagar etter at Trond Giske holdt sin fyrste tale etter at han gjekk av som nestleiar, noko som medførte fleire kommentarar og leiarar saka i dei utvalde avisene.

Kristian Tønning Riise

I likskap med Giske-saka, vart det også avdekka hendingar rundt dåverande stortingsrepresentant og leiar i Unge Høgre, Kristian Tønning Riise, under #metoo-kampanjen (Valvik, 2019). I motsetning til Giske, valde Tønning Riise sjølv å gå av før saka kom ut i media. Etter at han gjekk av rulla det inn ei rekke nye meldingar til Unge Høgre med varsel mot Tønning Riise sin upassande oppførsel mot yngre kvinnelege partimedlemmer. Sjølv om Tønning Riise gjekk av før dei fyrste varsla vart offentleg kjende, fekk også denne saka stor merksemd.

Saka til Tønning Riise er studert frå han trakk seg som leiar i Unge Høgre 10. januar 2018, til og med 13. februar 2018. Etter det roa mediemerksemda seg rundt saka. Det er også gjort eit val om at siste datoen for studiet av denne saka, er den same som Giske-saka. Dette er fordi dei to sakene vart samanlikna i fleire leiarar- og kommentarar i den gitte perioden, og same dato for avslutning av studiet gjera samanlikningsgrunnlaget i analysa betre.

Mazyar Keshvari

Dei tre gjenståande sakene er alle typen økonomisk skandale. Mazyar Keshvari var leiar av Oslo Framstegsparti og stortingsrepresentant då det hausten 2018 kom ut av hadde levert fleire forfalska reiserekningar til Stortinget (Manbari, 2020). Slik fekk han lurt til seg 450 000 kroner frå Stortinget. Keshvari vart sikta for grovt bedrageri, og vart dømd til 11 månaders fengsel.

Medie-merksemda om Keshvari var konsentrert i dagane rundt hans avgang. Saka har sidan fått relativt lite merksemd, utan då dommen vart avsagt. Difor er den aktuelle perioden for studiet sett til 17. oktober 2018 (avsløringa i Aftenposten) til og med 20. oktober (siste observerte kommentar om saka).

Kjell Ingolf Ropstad

Berre nokre dagar før Stortingsvalet 2021, avslørte Aftenposten at statsråd og leiar av KrF, Kjell Ingolf Ropstad, hadde unnlåte å melda flytting frå «guterommet» for å få gratis pendlarbustad. Nokre dagar etter valet kom det ei ny avsløring frå Aftenposten (Torset et al., 2021). Denne gongen kom det fram at Ropstad hadde unngått å betala skatt på statsrådbustaden. Ropstad innrømte forholda og beklaga måten han hadde handtert saka på. Det enda likevel med at han gjekk av som partileiar og statsråd 18. september 2021.

Datagrunnlaget frå Ropstad-saka er henta frå perioden 5. september (fyrste avsløring i Aftenposten) til og med 21. september (tre dagar etter at han gjekk av som partileiar, då medietrykket starta å roa seg).

Eva Kristin Hansen

Skandalen rundt Eva Kristin Hansen har mange likskapstrekk med Ropstad-saka. Her var det Adresseavisa som avslørte at den nyleg valde stortingspresidenten hadde fått ein pendlarbustad skattefritt, som ho ikkje hadde rett på (Wallum et al., 2021). Saka enda med at Hansen trakk seg som stortingspresident.

Datagrunnlaget for denne saka er frå avsløringa i Adressa 16. november 2021 til mediestormen rundt hennar avgang roa seg ned den 27. november 2021.

Samanlikningsgrunnlag

Ingen politiske skandalar er like. Dei fem sakene som utgjer materialet her har likevel mange fellestrekk Det fremste er at alle dei fem skandaliserte måtte eller valde å trekka seg frå verva sine grunna skandalane.

Skandalane rundt Giske og Tonning Riise er sexskandalar, medan Hansen, Keshvari og Ropstad går under kategorien økonomiske skandalar. Dette er gjort for å gi studien breidde. Eg meiner det er ein styrke at to og tre av sakene har såpass lik karakter, då det vil gi eit godt grunnlag av samanlikning på tvers av parti.

Fire av dei fem skandalane galdt profilerte politikarar i sentrale tillitsposisjonar. Giske, Tonning Riise, Hansen og Ropstad fekk difor stor merksemd i media for sine skandalar. Keshvari var ein mindre profilert politikar. Likevel vakte skandalen rundt han stor oppsikt, då det var det fyrste tilfellet på lang tid der det vart avdekka at ein stortingsrepresentant hadde juksa med reiserekningar.

Dei fem skandalane var rundt politikarar frå fira ulike parti: Arbeiderpartiet, Framstegspartiet, Høgre og KrF. To av sakene er frå Arbeiderpartiet. Dette er gjort fordi dei begge er blant dei mest synlege politiske skandalane me har hatt dei siste åra.

3.2 Utval av medium

Også i utvalet av aviser har eg vektlagt å få fram ei breidde og har valt ut fem sentrale riksaviser aviser: Aftenposten, Dagsavisen, Dagens Næringsliv, Verdens Gang (VG) og Vårt Land. Dei er valde ut på bakgrunn av (ulik) historisk partitilknytning.

Tabell 2: Aviser i utvalet, alfabetisk rekkefølge.

Avis	Oppslagstal 2021	Utgivelsesdagar per veke
Aftenposten	256 254	7
Dagsavisen	24 598	6
Dagens Næringsliv	95 483	6
VG	302 804	7
Vårt Land	23 005	6

Oppslagstal: (Aarli-Grøndalen, 2021)

Alle avisene er riksaviser, i den forstand at dei har lesarar over heile landet. Utover det syner tabellen at det er tydelege forskjellar på storleiken til avisene. VG kan framleis smykka seg med tittelen Noreg si største avis, medan Vårt Land og Dagsavisen når ut til langt færre lesarar.

Dei fem avisene har det til felles at dei tileignar mykje spalteplass til leiarar og kommentarar, noko som er viktig for å ha eit godt samanlikningsgrunnlag i studien.

Alle avisene i utvalet har Oslo som utgivarstad. Regionaviser kunne vore inkludert for å få ei anna innfallsvinkel i studiet. Dei vart vald vekk denne gongen, for å luka ut regionale forskjellar i dekninga av sakene.

Det ville også vera mogleg å inkludera lokalaviser i studiet. Dette er ikkje gjort, mykje på bakgrunn av Fladmoe (2008) sin observasjon om at det var svært tilfeldig kva skandalar lokalaviser dekker.

Det er lagt vekt på å ha aviser i utvalet med god breidde i politisk orientering. Det var også sentralt å ta med aviser som i si orientering «støttar» partia som er involvert i ein eller fleire av dei aktuelle skandalane. Slik kunne eg studera både korleis dei omtalar politikarar frå «sine» parti, samt korleis dei omtalar motstandarane.

Tabell 3: Tidlegare og noverande politisk orientering til avisene i utvalet.

Avis	Tidlegare politisk orientering	Noverande politisk orientering
Aftenposten	Partiorgan for Høgre	Uavhengig liberal-konservativ
Dagsavisen	Partiorgan for Arbeiderpartiet	Uavhengig sosialdemokratisk
Dagens Næringsliv	Marknadsliberalisme. Knytt til næringshøgre.	Fremjar at dei har eit nøytralt verdigrunnlag, men har likevel konservative sympatiar.
VG	Partipolitisk uavhengig	Politisk uavhengig
Vårt Land	Kristenkonservativ. Partitilknytning til KrF	Uavhengig kristen avis

(Bjerke, 2001; Eilertsen, 2022; Lyshagen, 2008; Lysholm, 2017; Møst & Bugjerde, 2015; Ottosen et al., 2012; VG, u.d.)

Tabellen viser avisene sin tidlegare og noverande politisk profil. Tidlegare politisk profil syner tilknytning dei hadde før oppløysinga av dei formelle banda mellom parti og avis. Den noverande er basert på kva grunnlag avisene sjølv hevdar at dei skriv på i dag. Her er det tydeleg at ingen av avisene i dag er partiorgan med formelle band. Dei har likevel alle, utanom VG og til dels Dagens Næringsliv, framleis ei politisk orientering som syner kva verdiar dei byggjer på. Oppgåva vil studera kor vidt dette framleis er knytt opp mot parti.

Aftenposten og Dagsavisen hadde formelle band til partia, og skil seg slik ut frå resten av utvalet. VG er i den andre ytterkanten. Avvisa vart til i miljøet rundt heimefronten etter den andre verdskrigen, og har alltid markert seg som politisk nøytral (Ottosen et al., 2012). Vårt Land har aldri oppgitt partipolitiske bindingar, men kan likevel seiast å ha ei tydeleg partitilknytning basert på sitt kristne verdisyn.

Aftenposten og Dagsavisen har framleis ei politisk orientering som gir dei ein tydeleg plass på det politiske spekteret. Eg arbeider også utifrå ei antaking om at det kristenkonservative grunnsynet til Vårt Land enno ligg i ryggmargen deira, og at dei med det har band til KrF.

Dagens Næringsliv har heller aldri hatt formelle band til eit parti, men hadde ei lausare tilknytning til næringshøgre. I dag opplyser ikkje Dagens Næringsliv om si politiske orientering eller verdigrunnlag på sine nettsider. Eg kontakta difor politisk redaktør Frithjof Jacobsen og bad han definera dette. Han slo då fast at dei i dag er ei fri og politisk uavhengig avis, utan noko form for politisk orientering (F. Jacobsen, personleg kommunikasjon,

07.02.2022). Dette er ei sanning eg meiner treng nokre modifikasjonar. Dagens Næringsliv har nemleg ved dei siste stortingsvala tilrådd sine veljarar å stemma borgarleg, noko som ber preg av tydeleg politisk orientering (Dagens Næringsliv, 2013, 2017, 2021). Dette kan tyda på at det marknadsliberalistiske verdigrunnlaget framleis sit i veggane i Dagens Næringsliv.

Datamaterialet omfattar alt av meiningsberande innlegg frå dei fem redaksjonane, det vil sei alle leiarar og kommentarar om dei aktuelle sakene. Eit tilsvarande utval er gjort av Bjerke (2001) i samband med regjeringsskiftet i mars 2000. Det vil bli vurdert om funna til Bjerke kan overførast til politiske skandalar 20 år etter.

3.3 Om innhaldsanalyse

Denne oppgåva er basert på ei komparativ innhaldsanalyse av publiserte leiarar og kommentarar i dei utvalde avisene. Krippendorff definerer innhaldsanalyse som:

«a research technique for making replicable and valid interference from text (or other meaningful matter) to the context of their use» (Krippendorff, 2004, s. 18).

Val av metode er gjort for å kunna trekka systematiske, etterprøvbare og valide slutnadar frå mediekjelder (Krippendorff, 2004, s. 18). Det er som nemnt nytta ein kombinasjon av kvantitativ og kvalitativ analyse. Begge metodane krev systematisk gjennomgang av kommentarane og leiarane i utvalet, og dei gir ulik informasjon som er sentral for å svara ut problemstillinga (Grønmo, 2016, s. 214).

Begge formene for innhaldsanalyse krev ei strukturert og transparent handsaming av materialet. Tolking av tekst vil alltid vera prega av subjektivitet, og det er difor viktig å vera tydeleg på korleis ein får dei resultatane ein får. Tekstutdraga i analysedelen vil bidra til å styrka transparensen i studiet.

3.3.1 Utvalskriterier

Datamaterialet til dette studiet består av alle leiarar og kommentarar om dei respektive sakene i tidsromma som er definert over. Det er berre meiningsberande innlegg på leiar- og kommentarplass, skrivne av avisa sine eigne journalistar og kommentatorar som er tatt med i utvalet. Andre meiningsberande innlegg og faste spaltistar utanfor redaksjonen inngår ikkje i datagrnnlaget. Utvalet består av 116 leiarar og kommentarar.

Det er lagt vekt på å danna tydelege utvalsrammer som definerer kva som vert tatt med inn i datamaterialet. Kriterier for utvalet går fram av tabell 4.

Tabell 4: Oversikt over tema som har gjort at leiarar og kommentarar er tatt med i utvalet.

Trond Giske	Kristian Tønning Riise	Mazyar Keshvari	Kjell Ingolf Ropstad	Eva Kristin Hansen
Giske	Tønning Riise	Keshvari	Ropstad	Hansen
Varsel og #metoo i Arbeiderpartiet	Varsel og #metoo i Høgre	Reiserekningssjuks på Stortinget.	Pendlarbustadar Ropstad si handtering av saka	Pendlarbustadar generelt
Giske og Arbeiderpartiet si handtering av saka og av #metoo generelt	Tønning Riise og Høgre si handtering av saka og av #metoo generelt	Keshvari og FrP si handtering av saka Administrasjonen til Stortinget si handtering av saka	SMK si handtering av saka Korleis avsløringane vil påverka valet for KrF	Hansen og Arbeiderpartiet si handtering av saka Administrasjonen til Stortinget si handtering av saka

Sjølv om alle sakene fekk mykje merksemd, så er mediedekninga ulik. Dette heng både saman med posisjonen til den som vert omtala og med handteringa av sakene. Keshvari var mindre kjent enn dei andre, og det vil seinare bli drøfta om det er difor han fekk mindre omtale.

I Tønning Riise-saka kan mediedekninga ha blitt påverka av at han valde å trekka som som leiar av Unge Høgre før saka vart offentleg kjend. Det kan ha medverka til å flytta fokuset i kommentarane, og gjort at denne saka står i sterk kontrast til Giske, Ropstad og Hansen. Desse bekledde alle sine respektive posisjonar og tillitsverv når sakene sprang offentleg.

Saka med Kjell Ingolf Ropstad kom ut berre eit par dagar før Stortingsvalet i 2021. Dette var eit val der det var knytt stor usikkerheit til kor vidt KrF ville koma seg over sperregrensa. Det

kan spekulereast i om somme media gav han ei «mildare» behandling sidan saka sprakk rett før valet, enn dei ville gjort om avsløringa kom på eit anna tidspunkt.

3.3.2 Om koding

Eit studiet som dette vil nødvendigvis ha eit subjektivt element, det ligg alt i val av studieobjekt og problemstilling. Dette set strenge krav til metode, og det er viktig å definera kriterier som kan nyttast til å koda konsistent (Krippendorff, 2004, s. 127). Materialet må systematiserast for å trygga reabiliteten og valide resultat.

Leiarane og kommentarane er koda i ei grov kvantitativ innhaldsanalyse. Det er utvikla eit kodeskjema, der dei ulike kategoriane er definert. Der delte eg utvalet opp i seks variablar, som vart nytta på tone mot person, parti og administrasjonen til Stortinget/SMK (der det var relevant). Variablane er: einseitig negativ, mildt negativ, nøytral, mildt positiv, einseitig positiv og ikkje nemnt. Nyansane som skil dei ulike frå kvarandre er utdjupa i kodeskjemaet som ligg vedlagt i appendiks.

Det er krevjande å definera ein god objektiv målestokk på kva som er positivt, negativt og nøytralt i kommentarar og leiarar. Dei fleste artikkane heller likevel tydeleg den eine eller andre vegen. Tvilstilfelle er vurdert som nøytrale, for å gjera studien meir etterprøvbar.

I tillegg til kategoriane som er vinkla positivt, negativt og nøytralt i analysa, har eg også med ein siste kategori som er kalla «ikkje nemnt». Det vert utslag på denne variabelen når det eg studerte ikkje vart nemnt i artikkelen i det heile. «Ikkje nemnt» utfyller variabelen «nøytral», ved å også gi rom for å studera kva som ikkje blir aktualisert. Samla kan dei to variablane gi eit godt innblikk i «framinga» til avisene.

Det er også lagt vekt på kor stor plass dei ulike skandalane fekk i kommentarane og leiarane. Nokre av tekstane omhandla berre den aktuelle saka, medan skandalen så vidt var nemnt i andre. Dei tekstane som hadde den aktuelle skandalen som hovudsak er gitt verdi 1. Der saka eller skandalen i mindre grad er omtala er det vekta 0,5 eller 0,2 etter ei konkret vurdering den einskilde leiaren/kommentaren.

For å gjera det tydeleg korleis tekstane er vekta, er det skilt mellom vekta og uvekta N i alle tabellar. Det er vekta N som er nytta for å rekna ut prosentfordelinga i tabellane, dette fordi den gir det beste biletet av kor stor plass skandalane fekk i avisene.

Eg har valt å ikkje vekta kommentarane ulikt etter tal ord i den aktuelle teksten eller deira plassering på nett og papir. Sjølv om leiarar som regel er noko kortare enn kommentarar, vert dei kompensert med at det er dei har fast plass på fyrste spalteplass i alle avisene. Når det kjem til plassering på nett er det vanskelegare å måla kva plass dei fekk på tidspunktet dei publiserte, og difor er dette utelatt frå analysa.

I den kvalitative analysa har eg nytta tekstutdrag som har vore definerande for at kommentarane vart koda slik dei vart i den kvantitative analysa. Til dømes har eg tatt med utdrag som syner eksempel på verkemidla som «framar» kommentarane, trivialiserer handlingane som er gjort og beklagar på vegne av den skandaliserte eller partiet.

Tekstutdraga er illustrasjonar for å underbyggja dei kvantitativt baserte tolkingane. Dei gir tydelege bilete av kvifor og korleis tolkingane har blitt som dei har blitt. I tillegg gir dei det komparative studiet meir tyngde, ved å bidra med eit langt større datagrunnlag til analysa.

Kombinasjonen av det kvalitative og det kvantitative er også med på å kompensera for låg N i fleire av tabellane og figurane. Det gir studiet ein større tyngde ved at datamaterialet vert granska meir inngående. Eg meiner også at desse utdraga vil gi lesaren ei betre grunnlag for å vurdere resultat og konklusjonar.

3.4 Reliabilitet og validitet

Reliabilitet handlar om kor nøyaktige eller reproduserbare funna er (Krippendorff, 2004, s. 18). Om dei er pålitelege nok, vil forskarar som jobbar på ulike tidspunkt og kanskje også i ulike omgivningar få like resultatet om dei nyttar same teknikk med det same datagrunnlaget.

Når reliabiliteten til eit datamateriale vert vurdert, er det subjektiviteten til studiet som er under gransking. I den kvantitative analysa er tekstane delt i sju kategoriar. Uansett kor tydelege føringar som er lagt på kva som tilsvarar kva kategori, så vil subjektive oppfatningar og meiningar påverka kva som endar opp kvar. Dette er kompensert for både ved å ha størst mogleg transparens i oppgåva, samt å få andre til å lesa gjennom stikkprøvar av

tekstmateriale, for å sjå at me oppfattar innhaldet likt. Dette har vore ein god kontrollmekanisme som har styrka reliabiliteten til studiet.

Det er viktig at reliabiliteten vert vurdert på ein kritisk og grundig måte (Grønmo, 2016, s. 244). Stikkprøvane tatt av andre vart nytta som grunnlag i ein test-retest. Vidare vart det gjennomført ein enkel reliabilitetstest, som synte at det var eit samsvar på 90% mellom resultata av stikkprøvane og mi koding. Dette gir uttrykk for ein høg reliabilitet.

Validitet handlar om relevans, og kor vidt oppgåva faktisk svarar på problemstillinga (Tjora, 2021, s. 232). Det er her viktig å unngå målefeil som gjer at ein risikerer å ikkje måla det ein faktisk ynskjer å måla (Ringdal, 2018, s. 99).

Sidan dette er ei oppgåva som spør om forskjellige aviser si dekning av ulike politiske skandalar, var komparativ analyse ein naturleg innfallsvinkel. Alternativt kunne ein løyst dette som Fladmoe (2008), og sett på den totale mediedekninga av skandalane, i staden for berre det meiningsberande innhaldet. Det vil sei at eg ville inkludert alle reportasjar avisene skreiv om skandalane. Eg har her vald å heller leggja vekt på det meiningsberande innhaldet fordi det er her ein finn sjølve kjerna i avisa sine eigne politiske vinklingar og verdier. Eg meiner dette materialet som er best eigna til å svara på problemstillinga.

Kombinasjonen av kvantitative og kvalitative metodar styrkar reliabiliteten og validiteten til studien. For medan kvantitative analyser har reabilitet som sin fremste styrke, er kvalitative analyser sterkast på validitet. Kombinasjonen av metodar vil difor vera med å styrka kvaliteten til funna.

4 Komparativ analyse

Eg vil innleiingsvis sjå overordna på kor mykje plass dekninga av skandalane fekk i dei meiningsberande artiklane til avisene. Det kjem fram i tabellen under.

Tabell 5: Oversikt over uvekta og vekta tal meiningsberande artiklar om skandalane i avisene.

	Aftenposten	Dagsavisen	DN	VG	Vårt Land	N vekta – N uvekta
Giske	8,0-8,0	18,0-15,5	15,0-14,2	11,0-10,5	8,0-8,0	60,0-56,2
T. Riise	4,0-3,5	7,0-6,5	3,0-3,0	4,0-2,7	3,0-3,0	21,0-18,7
Keshvari	1,0-1,0	1,0-1,0	0,0-0,0	1,0-1,0	0,0-0,0	3,0-3,0
Ropstad	5,0-4,5	6,0-4,7	2,0-2,0	6,0-5,5	3,0-2,5	22,0-19,2
Hansen	2,0-2,0	3,0-3,0	6,0-6,0	6,0-6,0	2,0-2,0	19,0-19,0

Tabellen syner at det er Dagsavisen som gjev størst plass til skandalar på leiar- og kommentarplass. Dei har kommentert alle sakene, og skriv generelt mykje om dei. Det kan vera verdt å merka seg er at dei har skriva betydeleg mindre om Hansen-saka enn fleire av dei andre avisene, på trass av at dei elles stort sett utmerkar seg som den som skriv mest om enkeltsakene. Dette kan gå i tråd med deira politiske orientering, og vil bli drøfta vidare.

Dekninga til Dagens Næringsliv skil seg frå Dagsavisen. Medan Dagsavisen prioriterer å skriva mykje om alle skandalane, er Dagens Næringsliv meir ujamne i dekninga. Dei skriv mykje om sakene frå Arbeiderpartiet med Giske og Hansen, medan dei ikkje omtalar Keshvari og har lite dekning av Ropstad. Slik er dei kanskje ikkje ei like utprega «skandaleavis» som Dagsavisen. På den andre sida kan ein spekulera i om dei er meir taktiske enn Dagsavisen i korleis dei dekker skandalane. I staden for å skriva mykje om alle skandalar, kan det tenkast at dei heller skriv mykje om skandalane dei meiner kan interessera eigne lesarar.

I den andre enden av skalaen har me Vårt Land som har få kommentarar om skandalane, langt færre enn dei andre avisene. Samla har dei berre publisert halvparten så mange leiarar og kommentarar om dei aktuelle sakene som det Dagsavisen gjorde.

Dei resterande avisene er plasserte i midtsjiktet av skandaledekninga. Aftenposten er likevel meir på enn det som går fram av tabellen. Det var nettopp Aftenposten som avdekkja sakene

til Keshvari og Ropstad. I tillegg var det journalistar i Aftenposten som avdekket saka om Tønning Riise, som vart publisert like etter at han trakk seg som leiar av Unge Høgre. Med det har Aftenposten ført an i fleire av sakene. Dei har vore fyrst ute med scoop og avsløringar i fleire saker, noko som representerer ein symbolsk kapital og styrkar redaksjonen sitt ry og sjølvbilete som ei vaktbikkje over politikarane (Allern & Pollack, 2009, s. 19). Ein kan med det undra om dei prioriterer granskejournalistikk framfor å kommentera skandalane. Dette kan vera eit bevisst val for å la reportasjane stå på eigne bein.

Talmaterialet her viser at VG kan lesast som at dei ikkje er den som er mest oppteken av skandalar i sitt meiningsberande innhald. VG dekker likevel alle dei fem sakene, og var den som skreiv mest om Ropstad-saka.

4.1 Gjennomgang av politiske skandalar

Medan eg til no har vist omfanget av dekninga av dei fem skandalane, går eg vidare gjennom og samanlikna sjølve dekninga og vinklinga av sakene, skandale for skandale. Dekninga vil så bli vurdert i høve til det aktuelle mediet si politiske orientering.

Fyst ut er Giske-saka. Tabellen under viser dei ulike media la an tonen både overfor Giske sjølv og Arbeiderpartiet.

Tabell 6: Giske-saka. Prosentfordeling «tone» i omtale av Trond Giske og Arbeiderpartiet i meningsberande tekstar som omhandlar saka, fordelt på media i utvalet. Prosentfordeling rekna utifrå N vekta.

Prosentdel tone mot Giske									
	Einsidig negativ	Mildt negativ	Nøytral	Mildt positiv	Einsidig positiv	Ikkje nemnt	Total prosent	N vekta	N uvekta
Aftenposten	25,0 %	0,0 %	12,5 %	0,0 %	0,0 %	62,5%	100 %	8,0	8,0
Dagsavisen	32,3 %	19,4 %	19,4 %	0,0 %	0,0 %	29,0%	100 %	15,5	18,0
DN	21,1 %	14,1 %	21,1 %	0,0 %	0,0 %	43,7%	100 %	14,2	15,0
VG	18,2 %	18,2 %	63,6 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	100 %	10,5	11,0
Vårt Land	25,0 %	0,0 %	37,5%	12,5 %	0,0 %	25,0%	100 %	8,0	8,0
Prosentandel tone mot Arbeiderpartiet									
	Eisidig negativ	Mildt negativ	Nøytral	Mildt positiv	Einsidig positiv	Ikkje nemnt	Total prosent	N vekta	N uvekta
Aftenposten	25,0 %	37,5 %	25,0 %	0,0 %	12,5 %	0,0 %	100 %	8,0	8,0
Dagsavisen	12,9 %	3,2 %	22,6 %	32,3 %	22,6 %	6,5 %	100 %	15,5	18,0
DN	21,1 %	29,6 %	14,1 %	14,1 %	0,0 %	21,1%	100 %	14,2	15,0
VG	18,2 %	27,3 %	36,4 %	18,2 %	0,0 %	0,0 %	100,%	10,5	11,0
Vårt Land	37,5 %	0,0 %	25,0 %	0,0 %	37,5 %	0,0 %	100 %	8,0	8,0

Materialet visar overordna at partifokuset står sterkare enn personfokuset i kommentarane av denne saka i størstedelen av avisene, serleg Aftenposten. Det som er skrive om Giske som person er anten nøytralt eller kritisk, utanom ei sak frå Vårt Land som vert omtala under.

Dagsavisen var mest kritisk til Giske, medan Vårt Land var minst kritisk til den skandaliserte nestleieren i Arbeiderpartiet. Dagsavisen er minst kritisk til partiet, medan Aftenposten er mest kritisk. Aftenposten har også minst personfokus, medan det motsette er tilfelle for Dagsavisen, der saka dreier seg om Trond Giske, medan partiet stort sett får vera i fred. Dette antyder ein samanheng mellom dekning, vinkling og politiske orientering.

Tonning Riise-saka er den som har mest til felles med Giske-saka. Sidan begge skjedde på nokolunde same tidspunkt under #metoo-kampanjen, vart dei ofte samanlikna.

Tabell 7: Tonning Riise-saka. Prosentfordeling «tone» i omtale av Kristian Tonning Riise og Høgre i meiningsberande tekstar som omhandlar saka, fordelt på media i utvalet. Prosentfordeling rekna utifrå N vekta.

Prosentandel tone mot Tonning Riise									
	Einsidig negativ	Mildt negativ	Nøytral	Mildt positiv	Einsidig positiv	Ikkje nemnt	Total prosent	N vekta	N uvekta
Aftenposten	0,0 %	28,6 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	71,4%	100 %	3,5	4,0
Dagsavisen	15,4 %	30,8 %	23,1 %	0,0 %	0,0 %	30,8%	100 %	6,5	7,0
DN	0,0 %	33,3 %	66,7 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	100 %	3,0	3,0
VG	0,0 %	16,7 %	83,3 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	100 %	2,7	4,0
Vårt Land	0,0 %	66,7 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	33,3%	100 %	3,0	3,0
Prosentandel tone mot Høgre									
	Einsidig negativ	Mildt negativ	Nøytral	Mildt positiv	Einsidig positiv	Ikkje nemnt	Total prosent	N vekta	N uvekta
Aftenposten	85,7 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	14,3%	100 %	3,5	4,0
Dagsavisen	61,5 %	38,5 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	100 %	6,5	7,0
DN	66,7 %	33,3 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	100 %	3,0	3,0
VG	66,7 %	33,3 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	100 %	2,7	4,0
Vårt Land	33,3 %	33,3%	0,0 %	0,0 %	0,0 %	33,3%	100 %	3,0	3,0

Tonning Riise-saka var, etter Keshvari-saka, den i utvalet som fekk minst merksemd på leiar- og kommentatorplass i dei utvalde avisene. Vurderingane byggjer derfor på eit begrensa utval.

På same måte som i Giske-saka, er partifokuset langt større enn personfokuset også i dekninga av Tonning Riise. Stoffet som vert skrive om Tonning Riise er i hovudsak mildt negativ eller nøytralt. Det kan vera fleire årsaker til dette. Det er mogleg omtalen av Tonning Riise fekk noko mildare behandling sidan han trakk seg før saka kom ut i media. Samstundes er det mogleg at det er Giske sin framtrekande posisjon er det som gjorde at dekninga mot han vart hardare. Som ein av landets mest profilerte politikarar, gir ein skandale knytt til Giske sterkare skyts mot Ap, enn Tonning Riise gir mot Høgre, då hans rolle var meir marginal.

Dagsavisen er den einaste avisa som kjem med sterk kritikk mot Tonning Riise, og dei er også avisa som har flest kommentarar som er kritiske mot den skandaliserte politikaren. VG representerer den andre ytterkanten og er minst kritiske til person i denne saka.

Vidare ser eg at andelen som er kritiske mot parti er langt større i denne saka enn det var i Giske-saka. Ingen av avisene har ytra noko positivt i retning Arbeiderpartiet, og partiet si rolle er stort sett nemnt i alle sakene som vart skrivne.

Eg vil no gå gjennom dei økonomiske skandalane, i kronologisk reggekfølge. Fyrst Mazyar Keshvari (FrP). I denne og i dei to siste skandalane er det lagt til ein ekstra variabel: kor kritisk ein er mot administrasjonen til Stortinget/SMK. Alle dei tre sakene omhandlar brot på dei økonomiske ordningane til stortingspolitikarar og statsrådar, og difor vart også administrasjonen til Stortinget/SMK stilt i eit kritisk lys i dekninga av skandalane.

Sidan det var så få leiarar og kommentarar om Keshvari-saka, har eg utelatt tabellen med prosentoversikt i teksten. Med så lav N ville det ikkje vore hensiktsmessig å studera den på same måte som dei andre skandalane. Tabellen ligg likevel vedlagt i appendiks.

Det er påfallande kor lite dekning det var av Keshvari-saka på leiar- og kommentatorplass i dei utvalde meida. Verken Dagens Næringsliv eller Vårt Land nemnde saka i sine meiningsberande spalter, trass i at dette er den fyrste saka som kom fram på mange år der ein avdekka at ein stortingsrepresentant hadde misbrukt velferdsordningane til Stortinget.

Teorien kan delvis forklara kvifor saka til Keshvari fekk så lite merksemd, samanlikna med dei andre sakene. Ein kan undra om det er fordi han var mindre kjend enn dei andre utvalet då han vart skandalisert. Det ville vore i tråd med modellen til Fladmoe (2008) som syner at profilerte politikarar har ein større sjanse til å bli skandalisert enn dei meir ukjende. I Keshvari-saka er det likevel snakk om ei heller alvorleg handling, der han enda med fengselsstraff. I følge modellen til Fladmoe (2008) burde saka med det vore alvorleg nok til å få meir merksemd i media, sjølv om Keshvari ikkje var like kjend som dei andre. Det må også nemnast at Keshvari i tida før skandalen markert seg meir og meir også på nasjonale flater, og ville i følgje modellen difor blitt utsatt for meir skriverseri. Difor lyt ein søka etter andre forklaringar på dette spørsmålet.

Det er fleire skilnadar mellom Keshvari-saka og dei andre skandalane, spesielt når det kjem til handteringa. Keshvari sjølv anerkjende med ein gong saka kom ut at han var skuld i handlingane han vart anklaga for. Saka vart med det fort meldt til politiet og overført til rettsvesenet. På den måten vart saka i stor grad avrunda før kommentatorane hadde kome seg i gang.

Ein bør også merka seg at ingen i Framstegspartiet forsvarte Keshvari, og at partileiinga knapt kommenterte saka. Med det var det heller ikkje noko serleg kommentatorane kunne sei på

skandalehandteringa til partiet. Samla sett kan dette gi ei forklaring på kvifor denne saka fekk så lite merksemd i media, trass sin alvorlege karakter.

I avisene som har dekkja Keshvari-saka, har det berre vore ein leiar eller kommentar per avis. Felles for dekninga er at ein var einseitig negativ til Keshvari og hans handlingar, i tillegg til at ein var mildt kritiske til administrasjonen til Stortinget for at dei hadde eit så laust og tillitsbasert system for reiserekningar. Det einaste som skil seg ut frå den samstemte dekninga av saka, er at Dagsavisen i motsetning til dei andre, også trekk inn partiet i dekninga av skandalen. Meir om det seinare.

Vidare vil eg sjå på ei sak som i kontrast til Keshvari fekk mykje merksemd i media. Tabellen under syner tonen i innhaldet i Ropstad-saka.

Tabell 8: Ropstad-saka. Prosentfordeling «tone» i omtale av Kjell Ingolf Ropstad og administrasjonen til Stortinget/SMK, fordelt på media i utvalet. Prosentfordeling rekna utifrå N vekta.

Prosentandel tone mot Ropstad									
	Einsidig negativ	Mildt negativ	Nøytral	Mildt positiv	Einsidig positiv	Ikkje nemnt	Total prosent	N vekta	N uvekta
Aftenposten	44,4 %	22,2 %	11,1 %	22,2 %	0,0 %	0,0 %	100 %	4,5	5,0
Dagsavisen	63,8 %	31,9 %	4,3 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	100 %	4,7	6,0
DN	100 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	100 %	2,0	2,0
VG	54,5 %	36,4 %	9,1 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	100 %	5,5	6,0
Vårt Land	0,0 %	0,0 %	20,0 %	80,0 %	0,0 %	0,0 %	100 %	2,5	3,0
Prosentdel tone mot administrasjonen til Stortinget/SMK									
	Einsidig negativ	Mildt negativ	Nøytral	Mildt positiv	Einsidig positiv	Ikkje nemnt	Total prosent	N vekta	N uvekta
Aftenposten	22,2 %	22,2 %	0,0 %	22,2 %	0,0 %	33,3%	100 %	4,5	5,0
Dagsavisen	63,8 %	36,2 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	100 %	4,7	6,0
DN	100 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	100 %	2,0	2,0
VG	18,2 %	36,4 %	45,5 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	100 %	5,5	6,0
Vårt Land	0,0 %	40 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	60 %	100 %	2,5	3,0

Det mest spesielle med dekninga av Ropstad-saka, er at ingen nemner partiet. Det kan henga saman med at Ropstad var partileiar, og at han som person difor vart rekna som partiet i overordna forstand. Det kan også vera fordi dette opplagt var ei sak mellom Ropstad og stortingsadministrasjonen.

Ytterpunktene i dekninga av denne saka står Dagens Næringsliv og Vårt Land for. Dagens Næringsliv skil seg ut ved at absolutt alle leiarane og kommentarane var einseitig negativt vinkla mot Ropstad som person, og mot handteringa til administrasjonen til Stortinget/SMK. Dette står i sterk kontrast til Vårt Land som ikkje hadde ein einaste negativt vinkla kommentar om Ropstad. Deira artiklar var langt meir positivt vinkla. Korleis dei la fram ei slik vinkling av saka kjem eg tilbake til.

Ropstad-saka har mange likskapar med Hansen-saka, då begge omhandla pendlarbustadar. Difor er det interessant å sjå etter fellestrekk og forskjellar i dekninga av dei to sakene.

Tabell 9: Hansen-saka. Prosentfordeling «tone» i omtale av Eva Kristin Hansen, Arbeiderpartiet og administrasjonen til Stortinget i meningsberande tekstar som omhandlar saka, fordelt på media i utvalet. Prosentfordeling rekna utifrå N vekta.

Prosentandel tone mot Hansen									
	Einsidig negativ	Mildt negativ	Nøytral	Mildt positiv	Einsidig positiv	Ikkje nemnt	Total prosent	N vekta	N uvekta
Aftenposten	33,3 %	33,3 %	33,3 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	100 %	3,0	3,0
Dagsavisen	33,3 %	66,7 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	100 %	3,0	3,0
DN	16,7 %	66,7 %	16,7 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	100 %	6,0	6,0
VG	83,3 %	16,7 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	100 %	6,0	6,0
Vårt Land	100 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	100 %	2,0	2,0
Prosentandel tone mot Arbeiderpartiet									
	Einsidig negativ	Mildt negativ	Nøytral	Mildt positiv	Einsidig positiv	Ikkje nemnt	Total prosent	N vekta	N uvekta
Aftenposten	0,0 %	66,7 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	33,3%	100 %	3,0	3,0
Dagsavisen	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	100 %	100 %	3,0	3,0
DN	16,7 %	33,3 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	50,0%	100 %	6,0	6,0
VG	50,0 %	16,7 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	33,3%	100 %	6,0	6,0
Vårt Land	0,0 %	50,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	50,0%	100 %	2,0	2,0
Prosentandel tone mot administrasjonen til Stortinget									
	Einsidig negativ	Mildt negativ	Nøytral	Mildt positiv	Einsidig positiv	Ikkje nemnt	Total prosent	N vekta	N uvekta
Aftenposten	0,0 %	33,3 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	66,7%	100 %	3,0	3,0
Dagsavisen	33,3 %	0,0 %	33,3 %	0,0 %	0,0 %	33,3%	100 %	3,0	3,0
DN	33,3 %	33,3 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	33,3%	100 %	6,0	6,0
VG	33,3 %	33,3 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	33,3%	100 %	6,0	6,0
Vårt Land	50,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	50,0%	100 %	2,0	2,0

Dekninga i Hansen-saka er gjennomgåande kritisk til stortingspresidenten. Det er likevel interessant å merka at Vårt Land, som ikkje hadde eit negativt ord om Ropstad, er den avisa som har størst andel kritisk tone mot Hansen.

Eit anna skille mellom dekninga av sakene til Hansen og Ropstad, er at Hansen-saka får stort utslag på partivariabelen. Arbeiderpartiet si rolle vert drøfta i alle avisene, utanom i Dagsavisen. Der er det påfallande nok ingen innlegg som trekker Arbeiderpartiet inn i saka. Avisa har heller vald å ha eit utelukkande fokus på Hansen som president og administrasjonen til Stortinget.

Det er også interessant å sjå på rolla administrasjonen til Stortinget spelar i Hansen-saka. Dei fleste avisene er nemleg mindre kritiske til Stortinget si rolle i denne saka, enn det dei var i Ropstad-saka. Ingen ligg på meir enn 66% i negativ tone, noko som er ei tydeleg kontrast til Ropstad-saka, der til dømes Dagens Næringsliv var kritiske til administrasjonen til Stortinget i alt innhaldet dei produserte. Spesielt mykje kritikk vart retta mot Hansen som person, fordi ho skulle vera stortingspresidenten som rydda opp i regelverket, samstundes som ho sjølv hadde brutt reglane. Dette gjorde at tonen vart enda hardare i fleire av artiklane i Hansen-saka.

4.2 Avisene si samla dekning av dei fem sakene


Eg vil i dette kapittelet sjå etter samanhengar mellom dekninga av dei fem skandalane og den einkilde avisa sin antekne politiske ståstad og verdigrunnlag.

4.2.1 Aftenposten

Aftenposten er fortsatt ei liberal-konservativ avis, og dei har historisk hatt tette band til partiet Høgre. Sjølv om dei i dag formelt ikkje har band til partiet, vert dei av mange nok fortsatt sett på som ei Høgre-avis. Dette heng saman med at dei i dag utgir seg for å vera ei uavhengig konservativ avis.


Aftenposten er jamt over svært kritiske mot dei skandaliserte personane. Dette kjem fram i figuren under.

Figur 2: Aftenposten si dekning av dei skandaliserte politikarane i meiningsberande tekstar, prosentfordeling av «tone» i omtalen.



Aftenposten er mest kritisk til Hansen, Keshvari og Ropstad, som var innblanda i økonomiske skandalar. På den andre sida er dei mindre kritiske til Giske og Tonning Riise sine #metoo-saker, der dei er om lag like kritiske til den skandaliserte i begge sakene. Med dette sit me igjen med ei nokså nøytral personvinkling her, som ikkje gjev utslag for eller mot den politiske orienteringa til Aftenposten. Det er derimot fleire punkt som lyt studerast når det kjem til deira tone mot parti. Funna på den variabelen er presentert i figuren under.

Figur 3: Aftenposten si dekning av parti i meiningsberande tekstar, prosentfordeling av «tone» i omtalen.



Mellom anna syner denne figuren at Aftenposten er kritisk til Arbeiderpartiet si handtering av sine skandalar. Dei er klart avisa som er mest kritiske til partiet i Giske-saka, der heile 63% av sakene dei skreiv om skandalen var negativt retta mot Ap. Under overskrifter som «*Støre leder et råttent parti*» og «*Arbeiderpartiet er dårlig ledet*» trekk dei tydelege liner frå Giske-saka til det dei ser som øvrige problem i partiet (Aftenposten, 2018; Eilertsen, 2017). Mellom anna på denne måten:

«Det er partiet der maktkampene er så latente at alle motsetninger kan tolkes inn i den rammen. Nå spiser det partiet innenfra. Jonas Gahr Støre leder et parti med en kultur som ikke tåler motgang» (Eilertsen, 2017)

Her ser eg at Aftenposten nyttar tematiske rammer når dei skriv om saka. Det vil sei at dei gir tydeleg ansvar til Arbeiderpartiet, og hevdar at skandala ikkje berre dreier seg om eit råte eple, men at det er eit teikn på ein ukultur i partiet som burde vorte tatt grep for å endra tidlegare. Eg finn dei same tendensane i Hansen-saka. Igjen er Aftenposten, denne gongen saman med VG, den avisa som i størst grad trekker partiet inn i skandalen. Aftenposten har nest størst andel kritisk tone mot Arbeiderpartiet.

Det er ikkje berre Arbeiderpartiet som Aftenposten er kritisk til. Avisa er også veldig kritisk mot Høgre som dei tidlegare var partiorgan for. Det er dei som har størst andel kritiske artiklar om Høgre si handtering av Tonning Riise-saka. Samstundes er dei, saman med Vårt Land, den einaste avisa som har skrive ein kommentar om saka som ikkje omhandlar Høgre si rolle. Denne var vel og merka berre vekta med 0,5, så den får ikkje noko stort utslag i analysa.

Eit skille i Aftenposten si dekning av Giske og Tonning Riise er kva vinklinga i kommentarane er. Medan partistrukturar og organisering vert kritisert i Giske-saka, er merksemda nokså utelukkande retta mot den spesifikke saka og varslingsrutiner i Tonning Riise-saka. Dette kan henga saman med at Giske-saka, i motsetning til dei andre skandalane, i stor grad også dreide seg om interne konflikhtar i Arbeiderpartiet. Det må også merkast at Aftenposten si vinkling av Tonning Riise-saka i stor grad samsvarar med dei andre avisene si dekning.


Sjølv om merksemda er ulik, er også «*framinga*» av Tonning Riise-saka tematisk. Dette ved at den tydeleg aktualiserer partiet, og plasserer skuld og forventningar. Mellom anna kjem det

fram i eit utdrag frå kommentaren med den hardtslåande overskrifta «*Høyre sviktet varslene grovt*»:

«Rutinene har åpenbart ikke vært så gode som Erna Solberg trodde, og hun har heller ikke forsikret seg om det før hun kommenterte temaet. Med det vi nå vet, fremstår det rett og slett som naivt» (Eilertsen, 2018).

Utover nokre skiller der avisa framhevar partiet sitt ansvar, er Aftenposten relativt samstemt kritisk i si dekning av politiske skandalar. Det ser eg også i figuren under som syner deira tone mot administrasjonen til Stortinget/ SMK.

Figur 4: Aftenposten si dekning av administrasjonen til Stortinget/SMK i meiningsberande tekstar, fordeling av «tone» i omtalen.



Avisa var mildt kritisk i den eine saka om Keshvari. Utover det er fordelinga relativt jamn. Dei skil seg frå dei andre avisene ved at dei er dei einaste som også stiller administrasjonen til Stortinget/SMK si handtering i eit positivt lys under Ropstad-saka. Dette gjer dei ved å dra fram det positive i at dei økonomiske ordningane til stortingsrepresentantar og statsrådar er fleksible, og legg med det meir av skulda over på Ropstad for at reglane vart brotne.


Aftenposten har ei generelt kritisk dekning av dei politiske skandalane. Det at dei er veldig kritiske mot Høyre si handtering av Tonning-Riise-saka, gjer det tydeleg at dei heller ikkje unngår å kritisera «sitt» parti når dei meiner det trengst. Denne delen av materialet gir soleis ikkje grunnlag for å hevda at Aftenposten er lojal mot sitt gamle parti.

Andre funn kan likevel tyda på at Aftenposten enno har band til sine gamle vener. Dette kjem fram når dei dekker Arbeiderpartiet. For sjølv om Aftenposten er svært kritisk til Høgre si handtering av Tonning Riise-saka, er vinklinga samanfallande med dei andre avisene. Når det kjem til Arbeiderpartiet er det på den andre sida påfallande at den liberal-konservative avisa også er dei som i størst grad peikar på Arbeiderpartiet i sine artiklar om både Giske og Hansen. Ved å gi Arbeiderpartiet større merksemd i dekninga, gir dei partiet eit større ansvar, og antyder at problemet i større grad er strukturelt i partikulturen. Slik kan ein hevda at ein ser spor av partisympatiar hos Aftenposten, men då i form av å auka den negative merksemda mot parti på den andre sida av den politiske skalaen.

4.2.2 Dagsavisen

Som tidlegare partiorgan med formelle band til Arbeiderpartiet, er det lett å tenka at det framleis i stor grad pregar Dagsavisen. Dei er også tydelege sjølv på deira tilhøyre på venstresida av politikken (Lyshagen, 2008). No skal eg sjå på korleis det påverkar måten avisa dekker dei politiske skandalane.


Figur 5: Dagsavisen si dekning av dei skandaliserte politikarane i meningsberande tekstar, prosentfordeling av «tone» i omtalen.



Figuren syner at Dagsavisen generelt har ein kritisk tone mot dei skandaliserte politikarane. Dei er avisa som er mest kritisk til person i Giske-saka, og dei kjem også med tydeleg kritikk mot resten av dei skandaliserte politikarane. I Keshvari-saka, er dei som dei andre avisene einsidig kritisk til person, i den eine kommentaren dei skriv.

Det er ikkje nokon særlege skiljeliner i tråd med til politisk orientering når det kjem til persondekninga til Dagsavisen, men forskjellane vert tydelege når ein ser på korleis dei vinklar saker om ulike parti. Det syner figuren under.

Figur 6: Dagsavisen si dekning av parti i meiningsberande tekstar, prosentfordeling av «tone» i omtalen.



Partidimensjonen til Dagsavisen i dei politiske skandalane er spanande, for her er det store forskjellar i korleis dei omtalar dei ulike partia. Høgre får utelukkande kritikk i Tonning Riise-saka. Dagsavisen går også lenger enn dei andre avisene i kritikken av Erna Solberg:

«Uvitenhet er ingen unnskyldning. En leders jobb er å vite hva som foregår. Dette viser at Erna Solberg har hatt dårlig styring med partiet. Hvis jobben som statsminister er så krevende at Erna Solberg ikke klarer å styre Høyre, får hun kutte ut ledelsen i partiet.» (Strand, 2018b)

Med dette er Dagsavisen den einaste avisa som sår tvil om Erna Solberg sin posisjon som partileiar som følge av Tonning Riise-saka.

Like interessant er Dagsavisen si dekning av Keshvari-saka. Medan dei to andre avisene som skreiv om denne saka heldt FrP utanfor, vel Dagsavisen å slå eit slag mot partiet på følgjande måte:

«Fremskrittspartiet har opp gjennom årene opparbeidet seg et rykte som partiet med de fleste skandalesakene. Velgerne må få inntrykk av at det er noe forferdelig galt med moralen til folk i det partiet.» (Dagsavisen, 2018a)

Saka fekk fort tydelege konsekvensar for Keshvari, og ingen andre aviser hadde difor noko å utsetja på handteringa til FrP. Likevel vel Dagsavisen å generalisera FrP som eit «skandaleparti», og set dei med det i eit dårleg lys. Dette kan henga saman med at FrP er partiet på Stortinget som er lengst ifrå Dagsavisen si politiske orientering.

Vidare er det interessant å sjå korleis Dagsavisen dekkjer sakene frå Arbeiderpartiet. Giske-saka har ei anna vinkling i Dagsavisen enn i dei andre avisene. I dei fyrste to kommentarane om saka får Arbeiderpartiet si handtering gjennomgå. Dei vert kritisert for at saka får for få konsekvensar for Giske, og Dagsavisen er også den fyrste avisa som krev at Trond Giske må gå av som nestleiar med den tydelege overskrifta «*Trond Giske er ferdig*» (Strand, 2017). I denne og i fleire andre kommentarar som vart skrivne i starten av skandaledekninga, vert Arbeiderparti-leiar Jonas Gahr Støre skulda for å «tråkka vatnet», og vera «for treig i sine avgjersler» (Dagsavisen, 2017; Strand, 2017, 2018c).

Dagsavisen sin tone mot Arbeiderpartiet rundt Giske-saka får ein heilt anna klang på starten av 2018. I ein av dei fyrste kommentarane går dei så langt at dei nærast unnskyldar sine tidlegare kommentarar om saka:


«Raske beslutninger og demonstrasjon av handlekraft ligger ikke til Jonas Gahr Støre. Han har høstet mye kritikk tidligere for å reagere sent og for utydelighet. Den kritikken har også kommet fra oss. Men i en så sjelsettende sak som Giske-saken er, er det viktig og riktig å gjøre et arbeid som er uangripelig og etterprøvbart.»
(Dagsavisen, 2018b)

Det er ingen andre aviser som bortforklarar tidlegare dekning av sakene i så tydeleg forstand som det Dagsavisen gjer her. Etter denne artikkelen er alle artiklane om skandalen vinkla i positivt ordlag mot Arbeiderpartiet. Mellom anna skriv dei at saka «*kan styrke Arbeiderpartiet*», «*Støres langsomme og statsrådsaktige måte å lede på, har vært en fordel i denne uhyre vanskelige situasjonen*» og «*Aps Jonas Gahr Støre på sin side strålte med en glitrende forelesning om hvordan en partileder skal håndtere varslings sakene og andre vonde saker*», der han i sistnemnde vart samanlikna med Erna Solberg si handtering av Tønning Riise-saka (Dagsavisen, 2018b; Strand, 2018a, 2018b).

I Hansen-saka har Dagsavisen skrivne færre kommentarar enn dei pleier, og Arbeiderpartiet er ikkje nemnd i nokre av sakene. Det vert ikkje ein gong nemnd kva parti Hansen høyrer til. Dette kan lesast som eit tydeleg forsøk på å skilja politikar frå parti, for å unngå å stilla partiet i eit dårleg lys. Dekninga står i tydeleg kontrast til alle dei andre avisene, som alle aktualiserte partiet si rolle i saka i større eller mindre grad.

I Dagsavisen si dekning av Hansen-saka ser me også at Hansen som enkeltperson får ein langt større del av kritikken enn ho får i fleire av dei andre avisene. Alt Dagsavisen skreiv om saka var anten einsidig- eller mildt kritisk mot ho og hennar handlingar. Når Arbeiderpartiet ikkje vert omtala, men dei er svært kritiske mot ho som person, kan dette vera eit døme på ei episodisk innramming der dei legg all skuld på enkeltpersonen for å skåna partiet. Interessant er det også at også administrasjonen til Stortinget knapt nok får kritikk i denne samanhengen.

Figur 7: Dagsavisen si dekning av administrasjonen til Stortinget/SMK i meiningsberande tekstar, prosentfordeling av «tone» i omtalen.



Samanlikna med Ropstad, ser ein at tonen generelt er langt mindre kritisk i Hansen-saka. Merksemda vert i større grad retta mot å forklara saka og hendingsforløpet enn å fordela skuld og koma med kritikk til andre enn hovudpersonen Hansen. Den får slik ei meir nøytral vinkling. Dette står i ei tydeleg motsetning til Ropstad, der tonen var langt meir kritisk gjennom heile dekninga. Det kan henga saman med at Hansen som Stortingspresident vart sett på som den ansvarlege for opprydninga til Stortinget, og at dei difor la kritikken på ho som person heller enn på administrasjonen til Stortinget.


Materialet syner at Dagsavisen har stor grad av samanheng mellom politisk orientering og – fortid i vinklinga av desse skandalesakene. Partia på høgresida haustar krass kritikk, medan rolla til Arbeiderpartiet er tona ned; dekninga kan gi inntrykk av at partiet ikkje har noko serleg rolle i skandalen. Dette vil eg sei at syner at Dagsavisen i aller høgaste grad framleis har sterke partiband til Arbeiderpartiet.

4.2.3 Dagens Næringsliv

Dagens Næringsliv kunne tidlegare også plasserast på høgresida i politikken med tilknytning til næringshøgre. I dag uttalar politisk redaktør at dei er ei politisk nøytral avis med fokus på nyheiter om næringslivet (F. Jacobsen, personleg kommunikasjon, 07.02.2022). Som nemnt er dette ei sanning med modifikasjonar, då avisa gjentekne gonger har oppmoda lesarar til å stemma borgarleg (Dagens Næringsliv, 2013, 2017, 2021). Det vil bli studert korleis denne dualiteten slår ut på deira dekning av politiske skandalar.

Dagens Næringsliv skil seg frå aviser som Aftenposten og Dagsavisen, ved at dei har ei meir ujamn dekning av skandalane. Til dømes er ikkje Keshvari-saka nemnd i det heile i deira meiningsberande innhald, medan dei dekka Hansen og Giske tett og meir enn fleire av dei andre avisene. Dei utelet altså å kommentera ein økonomisk skandale, på trass av at dei har som hovudfokus å dekkja økonomi- og næringslivsnyheiter.


Figur 8: Dagens Næringsliv si dekning av dei skandaliserte politikarane i meiningsberande tekstar, prosentfordeling av «tone» i omtalen.



Materialet syner at Dagens Næringsliv er langt meir kritiske til dei skandaliserte politikarane i sakene om pendlarbustadar, enn #metoo-sakene. Både Hansen og Ropstad får tydeleg kritikk, medan ein stor andel av stoffet om Giske og Tønning Riise er nøytralt, eller så er ikkje dei som personar nemnt.

Det er ingen tydelege skiller mellom dekninga av dei politiske partia på personvariabelen til Dagens Næringsliv.

Figur 9: Dagens Næringsliv si dekning av parti i meiningsberande tekstar, prosentfordeling av «tone» i omtalen.



Dagens Næringsliv hadde ein tydeleg kritisk brodd mot Høgre i Tønning Riise-saka, men er saman med Vårt Land den avisa som skriv minst om saka. Dette er tydeleg kontrast til Giske-saka, som Dagens Næringsliv tett. Når dei fyrst skriv om Høgre, er det likevel med tydeleg tematisk innramming, som mellom anna kjem fram i dette utdraget:

«Erna Solberg er uansett sjefen for dem alle, helt ned til fjortenåringene som tar sine første steg ut i voksenlivet på helgesamling i fylkeslaget. Solberg må derfor komme langt sterkere på banen fremover. Hvis ikke kan det feste seg et inntrykk av at hun ikke synes slike saker er så farlig. Det kan ikke et politisk parti leve med.» (Grinde, 2018)

Det som vert skrivi om Høgre er kritisk, både mot korleis dei har handtert varslingsaker tidlegare, og korleis dei handterte Tønning Riise-saka.


Også Arbeiderpartiet får tydeleg kritikk av Dagens Næringsliv i mange av kommentarane som er skrivne om både Hansen- og Giske-saka. Dagens Næringsliv er den avisa som har nest størst negativ andel stoff om partiet i Giske-saka, men samstundes har dei også den største andelen der Arbeiderpartiet ikkje var nemnt i det heile. I tillegg har dei nokre mildt positive artiklar om Arbeiderpartiet.

I Hansen saka er ikkje Dagens Næringsliv blant dei som rettar sterkast kritikk mot Arbeiderpartiet. Sjølv om dei ikkje har størst del kritiske kommentarar, er kritikken som kjem framleis tydeleg mot Arbeiderpartiet og der spesielt partileiar Jonas Gahr Støre si manglande handtering av saka:

«Partileder Jonas Gahr Støre virker ganske uinteressert i saken. Nærmest som om den er ham uvedkommende. En sak mellom de enkelte representanter og Stortingets administrasjon. Det er en merkelig innstilling til en sak som kan skade Ap betydelig. Både internt og hos velgerne. Mener Støre at denne typen saker, som handler om at folkevalgte i hans eget parti, misbruker økonomiske ordninger, ikke er alvorlige nok? At de er under hans lønnsklasse?». (Jakobsen, 2021)

Her igjen ser eg døme på ei tematisk ramme, der merksemd og skuld vert ført over på parti og partileiar. Dette står i sterk kontrast til den episodiske ramma Dagsavisen nytta då dei kommenterte saka.

Figur 10: Dagens Næringsliv si dekning av administrasjonen til Stortinget/SMK i meiningsberande tekstar, prosentfordeling av «tone» i omtalen.



Dagens Næringsliv sin omtale av administrasjonen til Stortinget/SMK er meir nøytrale i Hansen-saka enn i Ropstad-saka. Avisa er einssidig kritisk til alt som har med Ropstad og Stortinget/SMK å gjera i denne saka. Dette er den saka dei skil seg mest ut frå dekninga til dei andre avisene. Det at dei er så kritiske til saka om pendlarbustad og gutterommet, kan også lesast som anti-stat-mentalitet, som går i tråd med den tidlegare politiske orienteringa til Dagens Næringsliv.


Det er ikkje grunnlag for å hevda at Dagens Næringsliv si partihistorie og noverande konservative sympatiar påverkar måten dei dekker politiske skandalar. Ein kan likevel stille spørsmål ved om det at dei skriv så lite om Tonning Riise i høve til Giske, er eit forsøk på å skåna Høgre. Samstundes må det leggjast vekt på at Trond Giske som ein av landets mest profilerte politikarar, nok vekker ei større interesse både i ålmenta og dei ulike redaksjonane.

Utover det har Dagens Næringsliv ei tydeleg kritisk røyst i dekninga av alle dei politiske partia. Det kan difor seiast at dei har spor av å vera påverka av konservative sympatiar, men det er i såpass lita grad at dei markerer seg som ei av dei mest nøytrale avisene i utvalet. Eg meiner difor det er grunnlag for å hevda at Dagens Næringsliv dekker politiske skandalar i tråd med nøytraliteten politisk redaktør fremja at dei jobbar ut i frå, og at dei med det ikkje vert påverka av partihistorie.

4.2.4 Verdens Gang

VG har aldri hatt uttalte politiske band, noko som gjer at dei skil seg frå dei andre avisene i utvalet. Ei avis utan politiske bindingar vil kunne vera eit typisk døme på det Stanghelle (2008) refererte til som opposisjonsaviser, som står fritt til å vera like kritisk til alle. Om dei lever opp til å vera like kritiske til politikarane på tvers av saker og parti, vil kome fram i analysa under.


Figur 11: VG si dekning av dei skandaliserte politikarane i meiningsberande tekstar, prosentfordeling av «tone» i omtalen.



VG skil seg ut frå dei andre avisene i dekninga av dei skandaliserte politikarane. Spesielt ved at den skandaliserte sjølv alltid er nemnt i alle sakene. VG går på person. Dekninga er likevel ikkje alltid kritisk, det hender at dei vert omtala nøytralt. Det var i stor grad tilfelle i Giske-saka og i Tonning Riise-saka, der dei skil seg ut med ein langt større del nøytrale saker enn det dei andre avisene hadde.

Mest kritiske artiklar skriv VG om Hansen. Alt dei skreiv om denne saka innehaldt kritikk mot stortingspresidenten og måten ho handterte saka på. Slik gjer VG seg til den avisa som var mest kritiske til Hansen. VG omtala Ropstad i ein langt mindre andel kritisk tone enn det Hansen fekk oppleve, sjølv om dei vart skandalisert for langt på veg same type sak. Også Arbeiderpartiet fekk gjennomgå i Hansen-saka, sjå figuren under.

Figur 12: VG si dekning av parti i meiningsberande tekstar, prosentfordeling av «tone» i omtalen.



VG skil seg her igjen ut ved å vera avisa som er klart mest kritisk til Arbeiderpartiet i Hansen-saka. Det kjem mellom anna fram i utdraget under, der dei kritiserer Arbeiderpartiet for å ikkje ha kravd at Hansen gjekk av som president i det skandalen kom opp:

«Folk flest oppfatter det som grovt urettferdig dersom politikere slipper unna sine feilsteg, mens NAV-klienter og andre ikke vises nåde, selv ikke for uforskyldte misforståelser. Hvis våre øverste ledere ikke forstår det, så har de mistet kontakten med folket de skal lede. Da blir regjeringens favorittuttrykk «vanlige folk», en floskel uten innhold.» (Skartveit, 2021)


Også i Giske-saka får Arbeiderpartiet gjennomgå i mange av sakene, men her er det andre enn VG som toppar listene over dei som gir mest kritikk. Når eg samanliknar partivariablane i Giske- og Tonning Riise-saka, ser eg at Høgre får meir kritikk enn Arbeiderpartiet i desse samanliknbare sakene. Slik er VG igjen i tråd med dekninga til dei andre avisene. Mellom anna er dei tydeleg kritiske til handteringa til Erna Solberg:

«At ryggmargsrefleksen til ansvarlige ledere når de blir kjent med denne typen overgrep skal være en bekymring for overgriperen og merkevaren, og at de som har vært utsatt for trakassering og overgrep ikke blir nevnt, sier litt om hvordan og hvorfor dette har kunnet skje igjen og igjen» (VG, 2018).

I tillegg til å vera kritiske til alle parti, set dei også alle sakene inn i tematiske rammer ved å drar sakene inn i ein større politisk kontekst, og i mange tilfelle fordeler dei ansvar og

forventar opprydding. Dei meiner det må takast grep for å endra systemet, og granska korleis det var mogleg at desse skandalane kunne skje.

Figur 13: VG si dekning av administrasjonen til Stortinget/ SMK i meiningsberande tekstar, prosentfordeling av «tone» i omtalen.



VG sin tone mot administrasjonen til Stortinget/SMK er interessant. Sjølv om den personretta kritikken mot Ropstad og Hansen var ujamnt fordelt, og KrF ikkje fekk kritikk på partivariabelen, ser me her at dei er om lag like kritiske til administrasjonen til Stortinget/SMK si rolle begge sakene, sjølv om det er noko meir kritikk i Hansen-saka.


VG var mest kritiske i Hansen-saka, både til parti og person. Det er likevel ikkje grunnlag for å hevda at dei er meir kritiske til Arbeiderpartiet enn til andre parti, sidan eg ikkje finn dei same tendensane i Giske-saka. Generelt er VG ei avis som er jamt kritiske i alle skandalane, og eg finn ingen tydelege avvik i dette materialet som gjev grunnlag for å hevda at dei ikkje lev opp til si rolle som ei partinøytral avis.

4.2.5 Vårt Land

Vårt Land er ei såkalla meiningsberande avis, og den einaste avisa i utvalet som definerer sin avisprofil utifrå religion. Deira tette band til kristenlivet, gjer at ein lett koplar dei til Kristeleg Folkeparti. Sjølv om dei ikkje har eksplisitte band til KrF, legg eg til grunn ei antaking om at avisa si dekning er påverka av tette band til kristenlivet, og at avisa med det vil ha ei meir positiv tilnærming til KrF.

Når eg ser på Vårt Land er det fleire referansepunkt som skil seg ut på måten dei skriv om skandaliserte politikarar i sine spalter. Ei oversikt over dette vert presentert i figuren under.

Figur 14: Vårt Land si dekning av dei skandaliserte politikarane i meiningsberande tekstar, prosentfordeling av «tone» i omtalen.



Vårt Land er avisa med størst breidde i vinklinga av skandalesakene. Dei er utvilsamt avisa som viar størst andel kritikk til Hansen, då alle sakene er retta veldig kritisk mot ho som person. Samstundes er dei einaste avis skrive noko positivt om den andre skandaliserte politikaren frå Arbeiderpartiet. Dette gjorde dei ved å omtala måten dei meinte Støre burde behandla Giske på slik:

«På den måten kunne han ikke bare bedt Giske om å gjøre det eneste rette – å gå av; han kunne også gitt partikameraten noen oppbyggelige ord med seg på veien. Og det trenger Giske. For Giske-saken er også fortellingen om et drastisk omdømmefall, der en nestleder med statsministerambisjoner ribbes i full offentlighet, dag etter dag. Det er beintøft. Og det skal vi ta hensyn til» (Nyhus, 2017)

Med dette sitatet er Vårt Land den einaste avisa som gir merksemd til at Giske står under eit stort mediepress som følge av skandalen, og at dette er noko dei vil ta omsyn til i vidare dekning. Slike tekstlege verkemiddel nytta dei også i Ropstad-saka, men då i langt større grad. Dette gjer at Vårt Land skil seg sterkt frå dei andre avisene, der Giske si personlege tragedie ikkje er noko som vert så mykje som nemnd i spaltene. Godord til Giske kan også implisitt vera negativ omtale av Arbeiderpartiet, då dei unnskulder han grunna presset han står i, og legg med det skulda over på partiet for dårleg handtering.

Vidare ser eg at Vårt Land, utanom i dekninga av Hansen og Tonning Riise, ikkje er serleg kritiske mot den enkelte politikaren. Spesielt Ropstad-saka peikar seg ut. Vårt Land er den einaste avisa som ikkje har eit vondt ord verken om Ropstad eller skandalen rundt han i sine spalter. I kommentaren «*Gikk av som en ekte leder*» som vart publisert dagen Ropstad gjekk av, startar dei omtalen av han på følgjande måte:

«Det var klokt av Kjell Ingolf Ropstad å trekke seg. Nå er det også tid for å se den jobben han har gjort for KrF, for landet og for grupper som ikke har en stemme»
(Aalborg, 2021)

Vidare skildrar dei all den viktige jobben Ropstad har gjort for KrF, korleis det er viktig at ein anerkjenner det store presset han har stått i den siste tida og ber alle i partiet ta godt vare på han i tida som kjem og ikkje skyva han ut av varmen (Aalborg, 2021). I denne teksten legg dei også delar av skulda for at saka vart som den vart over på administrasjonen til Stortinget og SMK. Det gjer dei slik:

«Når det er sagt er det verdt å merke seg at i flere av disposisjonene Ropstad faktisk gjorde, hadde han på forhånd enten fått Stortingets administrasjon eller Statsministerens kontor sin godkjenning. Dermed bør en del av hans disposisjoner sees i dette perspektivet, mens andre framstår som ren skatteplanlegging. Det kan ikke Ropstad komme unna» (Aalborg, 2021)

Denne kommentaren er det vanskeleg å tolka som noko anna enn ein forsvarstale til den nyleg avgåtte partileiaren og statsråden frå KrF. Spesielt tydeleg vert det ved at dei nyttar omgrepet «skatteplanlegging». Det var ikkje «skatteplanlegging» Ropstad innrømma, det var skatteunndraging – som er langt meir alvorleg. Dette ordvalet er eit tydeleg døme på eufeisme, som vil sei at dei trivialiserer og lagar ei pynta omskriving av skandalegrunnlaget til Ropstad.

Det er likevel ikkje handlingane som vert vektlagt i kommentarane, det er alt Ropstad fekk til som partileiar før skandalen. Dette står i sterk kontrast til dekninga av Hansen-saka. Sjølv om Hansen vart skandalisert på same grunnlag som Ropstad, var det her ikkje like stort rom for nåde og tilgiving:


«Det er påfallende at en person som nå har den høyeste posisjonen i Norge etter Kongen, ikke har vært i stand til å forstå regelverket for Stortingets pendlerboliger.

Det burde ikke være vanskeligere å forstå Stortingets egne regelverk, enn det er for brukere av Nav å forstå reglene for trygd og sosialtjenester. I prinsippet må vi kunne stille strengere krav til landets øverste folkevalgte som lager landets lover, enn for dem som mottar tjenester av NAV.» (Vårt Vårt Land, 2021)

Sjølv om Ropstad og Hansen er skuldige i om lag den same handlinga, er tonen og vinklinga ulik i dekninga av dei to sakene. Begge hadde sentrale posisjonar, men berre Hansen får kritikk og blir bedt av Vårt Land om å stå til ansvar for sine handlingar.

Denne tendensen ser me også i dekninga av administrasjonen til Stortinget/SMK i desse sakene. I Ropstad-saka er det mindre andel kritisk tone Stortinget, enn i Hansen-saka. Dette er igjen med på å underbyggja at tonen i kommentarane om Hansen var langt hardare enn mot Ropstad.

Figur 15: Vårt Land si dekning av parti i meiningsberande tekstar, prosentfordeling av «tone» i omtalen.



På partivariabelen ser me at både Høgre og Arbeiderpartiet vert kritiserte av Vårt Land. Kritikken er likevel ikkje så hard som den er i mange av dei andre avisene. Til dømes framhevar Vårt Land både positive og negative sider ved Arbeiderpartiet si handtering av Giske-saka. Partiet vert framleis gjort aktuelt i alle sakene, men den er ikkje like einspora negativ som i nokre av dei andre avisene.

Meir interessant er det å sjå på korleis Høgre vart dekkja i Tonning-Riise saka. Alle sakene der partiet er nemnt i denne saka er negativt vinkla, som i dei andre avisene. Vårt Land skil seg

likevel ut i sine kommentarar til saka, ved at dei unngår å nemna Høgre i halvparten av sakene dei skriv. Ingen andre aviser koplar denne saka *frå* partiet i så stort omfang som det Vårt Land gjer her. Det kan verka som eit forsøk på å nøytralisera partiet si rolle.

Vårt Land er avisa som ifølgje dette datamaterialet går lengst i å gje «sitt» parti positiv omtale. Ikkje berre blir det gitt inntrykk av at avisa beskyttar partiet, men det også blir hegna om Ropstad. Avisa går her mykje lenger enn det til dømes Dagsavisen gjer i sakene om Arbeiderpartiet.

Basert på måten Vårt Land er assosiert med kristne verdiar, skulle ein kanskje kunne venta at avisa ikkje gjekk fullt så hardt ut i politiske skandalar. Materialet gjev grunnlag for å hevda Vårt Land byggjer på kristne verdiar som tilgjeving i dekninga av Ropstad-saka og KrF. I Hansen-saka ser me eit heilt anna trykk, og lite spor av den romslegheita som vart Ropstad til del. Det lyt likevel igjen nemnast at Vårt Land er avisa som viar minst spalteplass til skandalar, noko som også kan tenkast er av omsyn til den skandaliserte.

Ikkje berre syner Vårt Land tydeleg støtte til KrF, dei let også vera å nemna Høgre i halvparten av sakene om Tonning Riise. På tida der den skandalen rulla, sat KrF i regjering med Høgre. Materialet gjev likevel ikkje grunnlag for sei noko om ein eventuell samanheng her.

5 Påverkar politisk orientering dekninga av politiske skandalar?

Eg vil i dette kapittelet drøfta funna i oppgåva opp mot det teoretiske grunnlaget for oppgåva. Fyrst med utgangspunkt i dei to hypotesene som ligg til grunn for perspektivet og problemstillinga i oppgåva:

Dekninga av politiske skandalar følger eit partipolitisk mønster: avisene er meir kritiske til politikarar som står langt frå avisa politisk.

Det enkle svaret ville vore at – ja politisk orientering påverkar måten aviser dekker politiske skandalar på. Heilt så enkelt er det likevel ikkje. For sjølv om det kan overførast til dei fleste av skandalane i utvalet, er det eit avgrensa data-grunnlag, og materialet er ikkje heilt eintydig.

Dagsavisen og Vårt Land er begge sterkt påverka av si politiske orientering i måten dei kommenterer skandalane. Dei «frammar» utvilsamt meiningsinnhaldet slik det går i tråd med deira politiske orientering, og er avisene som tydelegast støttar opp om hypotesa.

Aftenposten tar ein mellomposisjon. Dei er blant dei mest kritiske til Arbeiderpartiet, samstundes er dei også mellom dei mest kritiske til sitt tidlegare samarbeidsparti Høgre. Med det er Aftenposten ifølgje dette materialet langt mindre prega av politisk orientering i dekninga enn Dagsavisen og Vårt Land som viser eit lite kritisk blikk til eigne parti. Likevel er det tydelege spor av at politisk orientering også påverkar meiningsinnhaldet til Aftenposten.

VG står i ein anna posisjon enn resten av avisene, då dei er den einaste avisa i utvalet som både no og tidlegare har hatt ein nøytral politisk profil. Studiet syner at dei går hardt ut mot alle skandaliserte politikarar og parti, og i så måte klarar å oppretthalda sin nøytralitet. Slik sett vil også VG kommentera i tråd med si politiske orientering, sjølv om det blir på ein anna måte enn dei andre avisene.

Dagens Næringsliv skil seg frå dei andre avisene grunna deira kombinasjon av nøytralt verdigrunnlag og konservative sympatiar. Analysa syner at deira dekning mest ikkje ber preg av dei konservative sympatiane. Slik lev Dagens Næringsliv opp mot sitt nøytrale verdigrunnlag, ved at dei dekker skandalane om lag like kritisk. Det vert med det ikkje

registrert at deira politiske historie påverkar deira meiningsberande innhald om skandalar, i tydeleg motsetning til tilråingane dei har kome med i samband Stortingsvala (Dagens Næringsliv, 2013, 2017, 2021).

Hovudtyngda av materialet peiker i retning av at politisk orientering påverkar måten avisene dekker politiske skandalar på kommentar og leiarplass. Slik går funna mine i tråd med tidlegare forskning, og resultatata liknar funna til både Bjerke (2001) og Fladmoe (2008).

Materialet gjev soleis ikkje Stanghelle (2008) grunnlag for utsegnen om at alle norske aviser er opposisjonsaviser. Om avisene skulle ha levd opp til dette, måtte dei i større grad vore kritiske – eller uttrykt forståing og sympati – overfor alle dei skandaliserte politikarane og partia. Slik sett er det berre VG og Dagens Næringsliv som i dette utvalet lev opp til rolla som opposisjonsavis.

Den andre hypotesa lydte slik:

Kommenteringa av skandalane har ein tendens til å vera einsformig, kommentatorane opptrer som flokkdyr.

Denne har vorte presentert som ei mothypotese til at politiske verdiar i formålsdokumenta påverkar måten ein omtalar politikarar og parti (Fladmoe & Jenssen, 2009). I tråd med dette er det heller ikkje eit tydeleg preg av flokkdyrmentalitet i dette utvalet.

Det er store skille i korleis avisene kommenterer sakene. Både på kor mykje dei skriv om skandalane, kva dei vektlegg og kor kritiske dei er. Flokkmentalitet ville betydd at alle avisene var like kritiske på tvers av ståstaden til politikaren, men dette studiet gir altså ikkje grunnlag for ein slik påstand. Slik går funna i retning studiet til Fladmoe og Jenssen (2009), som heller ikkje fann denne forma for flokkmentalitet i skandalane dei studerte.

Eg vil spesielt trekka fram historieargumentet som forklaring på kvifor det ikkje er flokkdyrmentalitet i utvalet. Det argumentet legg vekt på at bakgrunn og tilhøyre påverkar avisene sine synspunkt på sakene dei dekker (Fladmoe & Jenssen, 2009, s. 9-10). Det kjem tydeleg fram i denne oppgåva, og står slik i sterk kontrast til flokkdyr-mentaliteten.

5.1 På kva måte påverkar den politiske orienteringa dekinga?

Denne studien viser ein tydeleg samanheng mellom politisk grunnsyn og/eller verdigrunnlaget til det einskilde mediet og vinklinga i dekinga av politiske skandalalar. Avisene nyttar ulike verkemiddel i vinklinga av dekinga.

Eg har i oppgåva synt at media «framar» skandalane på ein måte som søker unngå å skada meiningsfeller. Slik får dei merksemda over på eller vekk frå partia som er knytt til skandalane. Med det lagar media tydelege rammer for lesaren opplever skandalane, og korleis han fordeler skuld og ansvar (Iyengar, 1991).

Skandalane vert omtala i både tematiske og episodiske rammer, og kva variant avisa vel går i stor grad i tråd med deira politiske orientering. Oppgåva viser fleire døme der avisene set saker som omhandlar sine parti inn i episodiske rammer, og saka vert med det avpolitisert og slik kan framstå som meir gunstige for partiet. Samstundes rammar fleire av dei inn saker mot parti dei ikkje sympatiserer med i tematiske rammer. Dette gjer at ein i større grad kritiserer og plasserer ansvar hos partia på den andre enden av den politiske skalaen.

I Vårt Land fann eg også spor av at dei trivialiserte handlingane til den skandaliserte, som i tilfellet Ropstad. Dagsavisen unnskylda sin tidlegare kritikk mot Arbeiderpartiet. Eg vil hevda at desse formene for forsvar går lenger enn «framinga» som til no er nemnd. Medan ein ved ei episodisk innramming unlet å skriva om delar av saka, tar ein ved desse døma stilling til og bortforklarer. Ein legitimerer i større grad handlingane til den skandaliserte og til partiet.

Studiet syner at ein framleis finn trekk av politisk parallellisme mellom avisene og partia. Dei meir og mindre eksplisitte banda kjem tydeleg til synes i korleis avisene vinklar sitt meiningsberande stoff (Hallin & Mancini, 2004, s. 21). Dette kan delvis forklarast med avisene si partihistorie og noverande politiske orientering. Det er samstundes viktig å ta med at ein viktig del forklaringa på likskapane kan ligga i at avisene og partia vender seg mot dei same gruppene av lesarar/veljarar, og at reportasjane/politikken med det får ein liknande budskap ettersom dei vender seg mot same målgruppe.

Isolert sett treng det ikkje vera problematisk at avisene representerer ulike sider av det politiske spekteret i sitt meiningsberande innhald. Eg vil likevel hevde at det er sentralt at dei

spelar med opne kort, og at lesaren kan få innsikt i kva grunnlag journalistane har for å skriva slik dei gjer. Når det ikkje er tilfellet at dei er ei vaktbikkje som er like kritiske mot alle, slik media ofte framstiller seg sjølv, burde det vera tydeleg for lesaren.

Det heile blir meir problematisk når ein ser at fleire studier har avdekka at det meiningsberande innhaldet til avisene «smittar» over på det som skal vera nøytrale reportasjar (Halse, 2006; Ramberg, 1995). Med det kan også nyheiter som vert framstilt til lesaren som nøytrale og faktabaserte vera påverka av den politiske orienteringa til avisene. Når dette er tilfellet vil eg hevda at det er eit demokratisk problem om pressa ikkje gir til kjenne sitt (eventuell) verdigrunnlag og politiske orientering.

Måten det meiningsberande innhaldet kan påverka nyheitsartiklar, er med på å syna utfordringane ved dobbeltrolla avisene i stadig større grad inntar. Dei er både ein nøytral leverandør av nyheiter, samstundes som dei i stadig større grad er politiske ekspertar som fortolkar og til ei viss grad regisserer nyheitsbiletet (Allern & Pollack, 2009, s. 9; Hammerstad, 2020, s. 42). Det er problematisk for lesaren når desse to smittar over på kvarandre, og vil gjera at vår oppfatning av politiske skandalar vert tydeleg påverka etter kva våre nyheitskjelder er.

6 Oppsummering og vidare forskning

Tillit er bærebjelken i vårt demokrati, og fleire studier syner at politiske skandalar fører med seg synkande tillit til våre folkevalde parti (Bowler & Karp, 2004; Chanley et al., 2000; Funk, 1996). Dette syner viktigheita av å studera mediedekning av politiske skandalar, og det har vore bakteppet for denne oppgåva.

Studien har søkt å svara på om avisene sin noverande og tidlegare politiske orientering påverkar måten dei skriv om politiske skandalar på leiar- og kommentarplass. Sjølv om funna ikkje ein eintydige, syner studiet at politiske orientering klart påverkar korleis fleire av avisene kommenterer politiske skandalar. Eg har funne tydelege skille både på kor mykje dei skriv, kva dei skriv om og kor kritisk dei vinklar sine meiningsberande innlegg. Funna byggjer opp under tidlegare studier, og syner at forskinga til Bjerke (2001) og Fladmoe (2008) også kan overførast til nyare skandalar.

Den politiske orienteringa påverkar det meiningsberande innhaldet ved at avisene anten fjernar skuld frå partiet dei sympatiserer med, eller ved at dei tilfører skuld til parti på den andre enden av skalaen. Dette gjer dei gjennom tekstlege verkemiddel som «framing», trivialisering, nøytralisering og unnskyldningar.

Tillit og openheit er viktig i eittkvart demokrati, difor er kunnskap om pressa og korleis dei utøver si rolle noko me treng kunnskap om. Det må difor forskast meir på tematikken i tida som kjem. Denne oppgåva presenterer mitt bidrag til tematikken, men undervegs i studiet har det dukka opp fleire felt eg tenkjer burde vore forska meir på i åra som kjem.

Særleg er det av betydning å sjå meir på korleis meiningsberande innhald fargar reportasjane i avisene. Dette gjeld i skandaledekninga, men også i generell politisk dekning. Når denne oppgåva igjen aktualiserer korleis politisk orientering påverkar det meiningsberande innhaldet, er det sentralt å studera vidare i kor stor grad det også pregar stoffet som i utgangspunktet skal vera faktabasert og nøytralt.

Vidare håpar eg på meir forskning på frykta til Midtbø (2007) om at politiske skandalar gjer at me mistar dyktige politikarar, og at det gjer rekrutteringa til politikken meir problematisk. Det

er sentralt å vita meir om korleis media sitt store personfokus påverkar rekrutteringa til våre styrande organ.

Media vert ofte referert til som den fjerde statsmakt, og dei fremjar at ein viktig del av deira mandat er å sjå til at politikarar handlar på moralsk vis (Allern, 1996). Eg vil avslutningsvis igjen understreka at også den fjerde statsmakt treng ei vaktbikkje og nokon som kontrollerer korleis dei forvaltar si makt.

Kjelder

- Aftenposten. (2018, 05.01). Arbeiderpartiet er dårlig ledet. *Aftenposten*.
- Allern, S. (1996). Myten om den fjerde statsmakt. *IJ-rapport (trykt utg.)*, 3/96.
- Allern, S. (2001). *Flokkdyr på Løvebakken: søkelys på Stortingets presselosje og politikken medierammer*. Pax.
- Allern, S. & Pollack, E. (Red.). (2009). *Skandalenes markedsplass: politikk, moral og mediedrev*. Fagbokforlaget.
- Asp, K. (1986). Måktiga massmedier: studier i politisk opinionsbildning. 13. (Göteborg studies in politics)
- Bjerke, P. (2001). *Fortsatt partipresse? Norske avisers holdning til regjeringsskiftet i mars 2000* (Bd. nr. 46). Høgskulen i Volda Møreforskning Volda.
- Bowler, S. & Karp, J. A. (2004). Politicians, Scandals, and Trust in Government. *Political behavior*, 26(3), 271-287. <https://doi.org/10.1023/B:POBE.0000043456.87303.3a>
- Chanley, V. A., Rudolph, T. J. & Rahn, W. M. (2000). The Origins and Consequences of Public Trust in Government: A Time Series Analysis. *Public Opin Q*, 64(3), 239-256. <https://doi.org/10.1086/317987>
- Clasen, J., Clegg, D. & Goerne, A. (2016). Comparative Social Policy Analysis and Active Labour Market Policy: Putting Quality before Quantity. *J. Soc. Pol*, 45(1), 21-38. <https://doi.org/10.1017/S0047279415000434>
- Dagens Næringsliv. (2013, 07.09.). Gi Solberg en sjanse. *Dagens Næringsliv*.
- Dagens Næringsliv. (2017, 09.09.). Solberg er best med Venstre. *Dagens Næringsliv*.
- Dagens Næringsliv. (2021, 11.09.). Norge er best tjent med et fortsatt borgerlig flertall. *Dagens Næringsliv*.
- Dagsavisen. (2017, 22.12). Må få konsekvenser. *Dagsavisen*.
- Dagsavisen. (2018a, 20.10). Grovt tillitsbrudd. *Dagsavisen*.
- Dagsavisen. (2018b, 04.01). Kan styrke Arbeiderpartiet. *Dagsavisen*.
- Edwardsen, T. S., Petersson, O. & senteret, L. O. S. (1994). *Media og samfunnsstyring*. Fagbokforlaget.
- Eilertsen, T. (2017, 22.12.). Støre leder et råttent parti. *Aftenposten*.
- Eilertsen, T. (2018, 13.01.). Høyre sviktet varslene grovt. *Aftenposten*.
- Eilertsen, T. (2022). Sjefsredaktørens ukebreve. *Aftenposten*. <https://kundeportal.aftenposten.no/nyhetsbrev/redaktorens-ukebrev> [Lest: 05.02.2022]
- Fladmoe, A. (2008). *Machiavellis disipler: om skandalisering som politisk maktmiddel* [NTNU]. Trondheim.
- Fladmoe, A. & Jenssen, A. T. (2009). Alltid kritisk - Til alle? En empirisk studie av fern norske avisers atferd i fire skandaliseringsprosesser. *Tidsskrift for samfunnsforskning*, 50(3), 317-418.
- Funk, C. L. (1996). The Impact of Scandal on Candidate Evaluations: An Experimental Test of the Role of Candidate Traits. *Political behavior*, 18(1), 1-24. <https://doi.org/10.1007/BF01498658>
- Grinde, E. (2018, 18.01.). Erna Solberg med solid selvkritikk på overtid. *Dagens Næringsliv*.
- Grønmo, S. (2016). *Samfunnsvitenskapelige metoder* (2. utg.). Fagbokforlaget.
- Hallin, D. C. & Mancini, P. (2004). *Comparing media systems: three models of media and politics*. Cambridge University Press.
- Halse, R. E. S. (2006). Politisk slagside i uavhengig presse? I. Sosiologisk Årbok.
- Hammerstad, K. A. (2020). *Politiske skandaler: sex, korrupsjon og maktkamp*. Res publica.
- Huseby, B. M. (2000). *Government performance and political support : a study of how evaluations of economic performance, social policy and environmental protection influence the popular assessments of the political system* [NTNU]. Trondheim.

- Iyengar, S. (1991). *Is anyone responsible? How television frames political issues*. University of Chicago Press.
- Jakobsen, F. (2021, 27.11.). Norsk politikks black week. *Dagens Næringsliv*.
- Kepplinger, H. M. (2003). Peepshow: Media and Politics in an Age of Scandal. 67, 302-304. <https://doi.org/10.1086/374578>
- Krippendorff, K. (2004). *Content analysis: an introduction to its methodology* (2. utg.). Sage.
- Lyshagen, G. (2008). *Fra storhusholdning til moderne mediekonsern: Norsk arbeiderpresses historie*. A-pressen.
- Lysholm, E. H. (2017, 07.07.). Hvem er vi til for? *Dagsavisen*. <https://www.dagsavisen.no/debatt/2017/07/07/hvem-er-vi-til-for/>
- Manbari, Z. (2020, 14.10.). Keshvari dømt til elleve måneders fengsel. NRK. <https://www.nrk.no/norge/keshvari-domt-til-elleve-maneders-fengsel-1.15199942> [Lest: 18.09.2021]
- Midtbø, T. (2007). *Skandaler i norsk politikk*. Universitetsforlaget.
- Munthe, K. (2016, 15.12.). Når sosiale medier blir gapestokk. NRK. <https://www.nrk.no/ytring/nar-sosiale-medier-blir-gapestokk-1.13277105> [Lest: 28.01.2022]
- Møst, M. & Bugjerde, P. S. (2015). *Kroner og røre: historien om NHST og Dagens Næringsliv*. Gyldendal akademisk.
- Narud, H., Waldahl, Marthe og Ragnar, Waldahl, M. & Waldahl, R. (2004). *Den «lange» valgkampen. Mediestoffet i månedene før valget*. Universitetsforlaget.
- Nord, L. (2001). *Statsråden och dreven*. Institutet för Mediestudier.
- Nyhus, H. (2017, 27.12.). Synd, men sant. *Vårt Land*.
- Ottosen, R., Østbye, H. & Røssland, L. A. (2012). *Norsk pressehistorie* (2. utg.). Samlaget.
- Ramberg, I. (1995). *EU-striden i tabloidformat : en innholdsanalyse av nyhets- og bakgrunnsartiklene om EU-saken i Dagbladet og VG foran folkeavstemningen om norsk medlemskap i Den europeiske union, 28. november 1994* [NTNU]. Trondheim.
- Ringdal, K. (2018). *Enhet og mangfold : samfunnsvitenskapelig forskning og kvantitativ metode* (4. utg.). Fagbokforlaget.
- Ronson, J. (2016). *Uthengt: ydmykelse og skam på nettet*. Mime forlag.
- Raaum, O. (1999). *Pressen er løs! Fronter i journalistenes faglige frigjøring*. Pax.
- Shea, D. M. (1999). All Scandal Politics is Local: Ethical Lapses, the Media, and Congressional Elections. *Harvard international journal of press/politics*, 4(2), 45-62. <https://doi.org/10.1177/1081180X99004002005>
- Skartveit, H. (2021, 20.11.). Det sunne raseriet. *VG*.
- Språkrådet. (2021). Nynorskordboka. I *Bokmålsordboka | Nynorskordboka*. https://ordbok.uib.no/perl/ordbok.cgi?OPP=skandale&ant_bokmaal=5&ant_nynorsk=5&nynorsk=+&ordbok= begge [Lest: 02.10.2021]
- Stanghelle, H. (2008, 16.02.). Det brutale fallet. *Aftenposten*.
- Strand, A. (2017, 23.12.). Trond Giske er ferdig. *Dagsavisen*.
- Strand, A. (2018a, 09.01.). Giske ble ikke ofret i en maktkamp. *Dagsavisen*.
- Strand, A. (2018b, 20.01.). Husker ikke. Visste ikke. *Dagsavisen*.
- Strand, A. (2018c, 03.01.). Støre skar til slutt igjennom. *Dagsavisen*.
- Thompson, J. B. (2002). *Den politiske skandale: magt og synlighed i mediealderen*. Reitzel.
- Tjora, A. H. (2021). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis* (4. utg.). Gyldendal.
- Todal. (2014). Medierte politiske skandaler: Sårbare politikere - usårbare partier? *Norsk medietidsskrift*, (2), 100-116.
- Torset, N. S., Venli, V. & Gausen, S. (2021, 17.09.). KrF-lederen sa han hadde utgifter hos foreldrene for å slippe skatt. Men Ropstad betalte ikke en krone. *Aftenposten*.

- <https://www.aftenposten.no/norge/politikk/i/66BVV0/krf-lederen-sa-han-hadde-utgifter-hos-foreldrene-for-aa-slippe-skatt-m> [Lest: 18.09.2021]
- Valvik, M. E. (2019, 07.03.). Kristian Tonning Riise stiller ikke til gjenvalg. *Aftenposten*. <https://www.aftenposten.no/norge/politikk/i/4d5OP6/kristian-tonning-riise-stiller-ikke-til-gjenvalg> [Lest: 17.09.2021]
- VG. (2018, 16.01.). Ondet ved roten. *VG*.
- VG. (u.d.). Trafikkregler for VGs redaksjon. *VG*. <https://www.vg.no/trafikkregler/> [Lest: 11.12.2021]
- Vårt Land. (2021, 18.11.). Tilliten til Stortinget svekkes. *Vårt Land*.
- Wallum, S., Ellingsen, L., Granviken, S., Bråten, R. T., Konstad, M. & Aune, T. (2021, 18.11.). Stortingspresidenten trekker seg etter pendlerbolig-avsløring. *Adresseavisen*. <https://www.adressa.no/nyheter/innenriks/2021/11/18/Stortingspresidenten-trekker-seg-etter-pendlerbolig-avsl%C3%B8ring-24834946.ece> [Lest: 18.09.2021]
- Aalborg, B. (2021, 20.09.). Gikk av som en ekte leder. *Vårt Land*.
- Aalen, I. (2015). *Sosiale medier*. Fagbokforlaget.
- Aarli-Grøndalen, R. (2021, 21.11.). Over halvparten av avis-opplaget er nå heldigitalt. *Journalisten*. <https://journalisten.no/kortnytt-mbl-mediebedriftenes-landsforening/over-halvparten-av-avis-opplaget-er-na-heldigitalt/479772> [Lest: 11.10.2021]
- Aaser, K. & Grøttum, E.-T. (2018, 01.01.). Dette er Giske-saken. <https://www.vg.no/spesial/2018/giske-saken/> [Lest: 17.09.2021]

Medier til datamaterialet:

Aftenposten, Dagsavisen, Dagens Næringsliv, Verdens Gang og Vårt Land:

- 07.12.2017 – 13.02.2018
- 17.10.2018 – 20.10.2018
- 05.09.2021 – 21.10.2021
- 16.11.2021 – 27.11.2021

Vedlegg 1: Kodeskjema kvantitativ innhaldsanalyse

Tone mot person:					
Einsidig negativ	Mildt negativ	Nøytral	Ikkje nemnt	Einsidig positiv	Sterkt positiv
<p>Krev tydelege konsekvensar for personen.</p> <p>Svært negativ karakteristikk av handlinga og/eller personen.</p> <p>Svært kritisk til handteringa til den skandaliserte.</p>	<p>Kritisk, men krev ikkje like tydelege konsekvensar.</p> <p>Kritiske karakteristikk av handlinga og/eller personen.</p> <p>Kritisk til handteringa til den skandaliserte.</p> <p>Tydeleg kritisk, men ikkje der hovudfokuset ligg.</p>	<p>Skildrar handlingane, tar ikkje stilling</p> <p>Eller: både kritisk og positiv. Ikkje mogleg å tolka i ei bestemt retning.</p>	<p>Den skandaliserte vert ikkje nemnt eller vektlagt i teksten.</p>	<p>Trekk fram positive eigenskapar.</p> <p>Unnskuldar for enkelte aspekt av skandalen.</p> <p>Nyanserer saka i favør av personen</p> <p>Legg delar av skulda over på andre.</p> <p>Positiv, men ikkje der fokuset i teksten ligg.</p>	<p>Svært positiv til personen, nærast eit forsvar for handlingane.</p> <p>Sterkt fokus på tidlegare bragder, og korleis dette ikkje er representativt eller ikkje skal få definera personen.</p>

Tone mot parti:					
Einsidig negativ	Mildt negativ	Nøytral	Ikkje nemnt	Einsidig positiv	Sterkt positiv
<p>Sterkt kritisk til handteringa til partiet</p> <p>Svært negative karakteristikk av leiinga</p> <p>Skuldar saka på partiet.</p>	<p>Kritisk til handteringa til partiet, men ikkje like kritisk som over</p> <p>Negative karakterisitikkar av leiinga.</p> <p>Partiet må ta delar av skulda for saka.</p> <p>Kritisk, men ikkje der fokuset ligg.</p>	<p>Meir nøytral</p> <p>Skildrar handlingane, tar ikkje stilling</p> <p>Eller: kjem med både positive og negative aspekt, og er slik ikkje mogleg å tolka i ein bestemd retning.</p> <p>Partiet er ikkje nemnd.</p>	<p>Partiet er ikkje nemnd. Andre aspekt får fokus.</p>	<p>Trekk fram nokre gode aspekt ved leiinga og handteringa</p> <p>Ser positivt på framtida.</p> <p>Skuldar på partiet heller enn representanten.</p> <p>Positiv, men ikkje der fokuset ligg.</p>	<p>Veldig positiv til handteringa til partiet.</p> <p>Positivt framtidspreg.</p>

Tone mot administrasjonen til Stortinget/SMK:					
Einsidig negativ	Mildt negativ	Nøytral	Ikkje nemnt	Einsidig positiv	Sterkt positiv
<p>Tydeleg kritikk om korleis dei har svikta</p> <p>Tydelege forventningar til korleis dei må ta ansvar vidare.</p>	<p>Kritikk, men mindre tydeleg</p> <p>Forventningar, men mindre krass</p> <p>Kritisk, men ikkje det som er hovudfokuset.</p>	<p>Meir nøytral</p> <p>Skildrar handlingane, tar ikkje stilling</p> <p>Eller: kjem med både positive og negative aspekt, og er slik ikkje mogleg å tolka i ein bestemd retning</p>	<p>Ikkje vektlagt.</p>	<p>Mildt forsvar for Stortinget (legg skulda på representantane).</p> <p>Positiv, men ikkje her fokuset ligg.</p>	<p>Tydeleg forsvar for Stortinget, legg all skuld på kandidatane.</p>

Vedlegg 2: Tabell med oversikt over Keshvari-saka.

Tabell: Keshvari-saka. Prosentfordeling i «tone» i omtale av Mazyar Keshvari, FrP og administrasjonen til Stortinget i meningsberande tekstar som omhandla saka, fordelt på media i utvalet. Prosentfordeling rekna utifrå N vekta.									
Prosentandel tone Keshvari									
	Einsidig negativ	Mildt negativ	Nøytral	Mildt positiv	Einsidig positiv	Ikkje nemnt	Total prosent	N vekta	N uvekta
Aftenposten	100 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	100 %	1	1
Dagsavisen	100 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	100 %	1	1
DN	-	-	-	-	-	-	-	0	0
VG	100 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	100 %	1	1
Vårt Land	-	-	-	-	-	-	-	0	0
Prosentandel tone FrP									
	Einsidig negativ	Mildt negativ	Nøytral	Mildt positiv	Einsidig positiv	Ikkje nemnt	Total prosent	N vekta	N uvekta
Aftenposten	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	100 %	100 %	1	1
Dagsavisen	0,0 %	100 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	100 %	1	1
DN	-	-	-	-	-	-	-	0	0
VG	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	100%	100 %	1	1
Vårt Land	-	-	-	-	-	-	-	0	0
Prosentandel tone administrasjonen til Stortinget									
	Einsidig negativ	Mildt negativ	Nøytral	Mildt positiv	Einsidig positiv	Ikkje nemnt	Total prosent	N vekta	N uvekta
Aftenposten	0,0 %	100 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	1	1
Dagsavisen	0,0 %	100 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	1	1
DN	-	-	-	-	-	-	-	0	0
VG	0 %	100 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	1	1
Vårt Land	-	-	-	-	-	-	-	0	0

